



MØTEINNKALLING

Utval: Eldrerådet
Møtedato 25.11.2019
Møtetid: Kl. 13:00
Møtestad: Biblioteket på Bjørkheim

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til sørvissenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til sørvissenteret.

Solveig Vassenden
leiar i utvalet

SAKLISTE**Saker til handsaming på møtet**

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/2019	19/1042	Faste saker	
004/2019	19/716	Uttale til budsjett 2020	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 19/1042	Løpenr: 19/9357
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	25.11.2019	003/2019

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.
 Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
 Delegerte vedtak/referatsaker.
 Utvalet sitt kvarter.

Referatsaker:

Protokoll frå fylkeseldrerådet 07.11.2019



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-151
Arkivsaksnr: 19/716	Løpenr: 19/9329
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	25.11.2019	004/2019

Uttale til budsjett 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Dokument som er vedlagt:

Kopi av vedtak i formannskapet 14.11.2019 i sak 052-2019

Kopi av endringar gjort av formannskapet i sak 052-2019

Rådmannen sitt saksframlegg om budsjett og økonomiplan 2020-2023

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023

Oversikt over bygg som får fritak etter eigedomsskattelova

Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2020

Kva saka gjeld:

Eldrerådet har rett til å uttala seg til framlegget til budsjett for 2010. Dersom eldrerådet gir uttale, vert denne sendt vidare til kommunestyret før deira endelege budsjetthandsaming 05.12.2019.

Formannskapet handsama 14.11.2019 rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan for perioden 2020-2023. Det er formannskapet si tilråding som går vidare til handsaming i kommunestyret. Kopi av formannskapet si tilråding til kommunestyret (inkludert rådmannen sitt budsjettframlegg m.m.) følgjer som vedlegg til dette saksframlegget.

Budsjett og økonomiplan 2020-2023

Vedtak i formannskapet 14.11.2019 (sak 052/2019)

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering, netto driftsutgifter og detaljar investering (desse dokumenta ligg som vedlegg til rådmannen sitt budsjettframlegg), med følgjande endringar:

1. *Avsetnad til disposisjonsfondet vert redusert med 100.000 kroner. 100.000 kroner vert sett av på berekraftfondet.*
2. *Spørsmål om innføring av grense på 2 km mellom heim og skule for å få innvilga gratis skuleskyss skal takast inn som ein del av moglegheitsstudien som vart vedteken i formannskapssak 040/2019, jf. vedtak i kommunestyresakene 035 og 041/2019.*
3. *Eigedomsskatten vert ståande på 2,4 promille. Administrasjonen må til kommunestyremøtet 05.12.2019 vurdere den beste inndekkinga på dette.*

Det vert tatt opp eit lån på kr 14,5 millionar i 2020 til finansieringa av vatn og avløp. Lånet skal betalast ned over 40 år og ha eit avdragsfritt år.

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 1 000 000 kroner kroner i 2020.

Bestilling av ny brannbil må gjerast i 2020, då det er eitt års leveringstid.

Eigedomsskatt

I medhald av eigedomsskattelova (Esktl) §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2020: Det vert skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen jfr § 3 bokstav a. Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av esktl § 12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 30 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

Det vert skrive ut eigedomsskatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget når dei tidlegare verk og bruk skal takserast og reknast som næringsseigedom frå og med 2019, jf. overgangsreglane til esktl. §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte skattegrunnlaget skal i 2020 vera lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av nye verdsettingsreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert ansett som næringsseigedom. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal vera 7 promille.

I medhald av esktl. § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylket eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og

vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av esktl. § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil, og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2019 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus, jf esktl. § 8C-1. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

Budsjett og økonomiplan 2020-2023

Oversikt over endringar gjort av formannskapet 14.11.2019 (endringar i forhold til rådmannen sitt framlegg)

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjett skjema 1A, 2A, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering, netto driftsutgifter og detaljar investering (desse dokumenta ligg som vedlegg til rådmannen sitt budsjettframlegg), med følgjande endringar:

1. *Avsetnad til disposisjonsfondet vert redusert med 100.000 kroner. 100.000 kroner vert sett av på berekraftfondet.*
2. *Spørsmål om innføring av grense på 2 km mellom heim og skule for å få innvilga gratis skuleskyss skal takast inn som ein del av moglegheitsstudien som vart vedteken i formannskapssak 040/2019, jf. vedtak i kommunestyresakene 035 og 041/2019.*
3. *Eigedomsskatten vert ståande på 2,4 promille. Administrasjonen må til kommunestyremøtet 05.12.2019 vurdere den beste inndekkinga på dette.*



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Charlotte Hageberg	Arkivkode:
Arkivsaksnr: 19/974	Løpenr: 19/8580
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet		
Kommunestyret		

Budsjett og økonomiplan 2020-2023**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering, netto driftsutgifter og detaljar investering. Desse dokumenta ligg som vedlegg til rådmannen sitt budsjettframlegg.

Det vert tatt opp eit lån på kr 14,5 millionar i 2020 til finansieringa av vatn og avløp. Lånet skal betalast ned over 40 år og ha eit avdragsfritt år.

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 1 000 000 kroner i 2020.

Bestilling av ny brannbil må gjerast i 2020, då det er eitt års leveringstid.

Eigedomskatt

I medhald av eigedomsskattelova (Esktl) §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2020: Det vert skrive ut eigedomskatt på faste eigedomar i heile kommunen jfr § 3 bokstav a. Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av esktl § 12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,8 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 30 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

Det vert skrive ut eigedomskatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget når dei tidlegare verk og bruk skal takseras og reknas som næringsseigedom frå og med 2019, jfr overgangsreglane til esktl. §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte skattegrunnlaget skal i 2020 vere lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av nye verdsettingsreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og

med 2019 vert ansett som næringsseigedom. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal være 7 promille.

I medhald av esktl. § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av esktl. § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2019 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus, jf esktl. § 8C-1. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

Dokument som er vedlagt:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2020-2023

Oversikt over bygg som får fritak etter eigedomsskattelova § 7

Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2020

KS- 035/2019 Vedtak om premiss budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023:

- Det skal i 2020-budsjettet vera ei avsetjing på 3,9 millionar kroner til disposisjonsfondet, i tillegg til eit netto resultatkrav på 1,75%.
- Det blir sett av 100.000 til vedlikehald for kyrkjestyret. Dette skal vera ein fast årleg sum som er øyremerkt til vedlikehald av bygningsmasse/eigedom.
- I budsjettarbeidet for 2020 skal ein leggja til grunn kostnadsnivå for 2019, og berre indeksjustera for auka lønskostnader. Dette gjeld også for kyrkja og kontrollutvalet/revisjonen.
- Det skal utarbeidast ein konkret plan på kva klimatiltak Samnanger kommune skal bruka pengar på i 2020. Midlar skal hentast frå klimafondet, kr 150.000,-
· Det må utgreiast ein heilheitleg plan på oppvekstsektoren, der 1-10 skule, sammanslåing av barnehagane og fleirbrukshall/idrettshall skal sjåast på under eitt. Dette vert finansiert av disposisjonsfondet.
- Det må gjerast ein mogelegheitsstudie for Bjørkheimsområdet. Her skal ein vurdere ny næringsverksemd og forskjønning av området. Midlar skal hentast frå disposisjonsfondet, inntil kr 250.000.

Kva saka gjeld:

Rådmannen har utarbeidd eit framlegg til økonomiplan for 2020-2023 som skal handsamast av formannskapet i møte 14.11.19 og i kommunestyret 05.12.19. Første året i økonomiplanen er også budsjettet for 2020. Utgangspunktet for den framlagde økonomiplanen er kommunestyret sine premissvedtak vedtak der det vart fastsett eit mål om å ha eit positivt netto driftsresultat på 1,75 % i 2020. Me leverer no eit positivt netto driftsresultat på 0.86% i 2020. I tillegg vart det gjort eit premissvedtak om å setja av 3,9 millionar på disposisjonsfondet i 2020, dette leverer me på ved å setje av 4,07 millionar. Rådmannen har i sitt framlegg lagt til grunn dei fleste av føringane som vart gitt i premissar frå kvalitetsdialogen våren 2020. Det er som vanleg lagt ned mest tid til utarbeiding av budsjettet for det første året i perioden. For å forenkla årets budsjettarbeid for einingane vart det utarbeidd ei ramme som dei skulle forholde seg til.

På inntektssida har me sikra oss gjennom å inngå avtale på sal av konsesjonskrafta vår i 2020, dette skapar forutsigbarhet i ein marknad som fort kan snu begge veier. Me har og lagt inn 2,2 millionar ifm Havbruksfondet, dette er det likevel en viss usikkerhet knytta til.

Når det gjeld utgifter, har kommunen god styring, men det me ser er at me er nøydd til å fortsetja å investera i ein del programvare på ulike hald som er høgst naudsynte for å halda tritt med utviklinga. Brannbil er me nøydd å bestilla i 2020 for å kunna få denne levert i 2021, dette må det gjerast eit vedtak på.

Me veit me har fleire tøffe år framfor oss og me er nøydd å gjera grep då me ser at me med dagens oppvekststruktur ikkje klarar å dra ned kostnadane ytterlegare. Rådmannen meiner at det er viktig at me ser på moglegheitene for å slå saman skulane og barnehagane då ho meiner det kan liggja eit betydeleg potensiale her for å få ned kostnadane til drifta. Moglegheitsstudien bør iverksetjast allereie i januar 2020. Det er satt av kr 250 000,- i driftsbudsjettet til dette.

Kommunen har framleis høg lånegjeld, og utviklinga i renta er derfor ekstra viktig for kommunen sitt handlingsrom. Me har lagt til grunn ei flytande rente på 2,4 % i 2020. Delar av låna våre er på fastrente, og den er stort sett høgare enn den flytande. For desse låna er sjølvsagt den reelle kostnaden lagt inn.

Vurderingar og konsekvensar:

Framlegg til økonomiplan tilfredsstillar krava om eit forsvarleg budsjett og slik det ligg no vil me levera eit positivt netto driftsresultat på 0,86 % og avsetjing til disposisjonsfondet på 4,07 millionar kroner.



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -



Foto: Samnanger kommune

Samnanger kommune

Budsjett 2020

og

Økonomiplan 2020 - 2023

Rådmannen sitt framlegg

Innhold

Rådmannen si innleiing	Side 3
Befolkningsutvikling	Side 5
Hovudtal og netto driftsutgifter	Side 6
Rådmannen og stabsfunksjonar	Side 14
Rådmannskontoret	
Barnevern	
Økonomikontoret	
HR-kontoret	
Rådgjeverkontor (Juridisk/Oppvekst/PPT)	
Politisk nivå og revisjon	Side 17
Eining samfunnsutvikling	Side 18
Teknisk forvaltning	
Teknisk drift	
Eining Innbyggarsørvis (Sørvissenter, Kultur, Nav)	Side 24
Eining helse	Side 27
Eining pleie og omsorg	Side 28
Sjukeheim/heimetenester	
Funksjonshemma	
Barnehage og skule	Side 31
Eining barnehage	
Eining barneskulen og SFO	
Eining ungdomsskulen	
Investeringar	Side 34

Vedlegg:

Skriv frå fylkesmannen om Statsbudsjettet 2020—kommuneopplegget

Budsjettskjema—rådmannen sitt framlegg (inkludert oversikter, driftstiltak og investeringstiltak)

Kommunale avgifter og gebyr

Gebyrregulativet

HOVUDFOKUS

- Styrka disposisjonsfondet
- Sikra god økonomistyring
- Levera gode lovpålagde tenester
- Halda sjukefråveret lågt
- Jobba etter verdiane våre
 - ⇒ Kvalitet
 - ⇒ Tillit
 - ⇒ Framsynt

RÅDMANNEN SI INNLEIING

Bakgrunnen for rådmannen sitt arbeid med økonomiplanen for 2020-2023 er «premiss for budsjett og økonomiplan 2020-2023» frå våren 2019. KS vedtak KS-035/2019:

- Setja av 3,9 millionar kroner til disposisjonsfondet
- Levera nettoresultat på 1,75 %
- Det blir sett av 100 000 til vedlikehald for kyrkjestyret.
- I budsjettarbeidet for 2020 skal ein leggja til grunn kostnadsnivå for 2019, og berre indeksjustera for auka lønskostnader. Dette gjeld også for kyrkja og kontrollutvalet/revisjonen.
- Det skal utarbeidast ein konkret plan på kva klimatiltak Samnanger kommune skal bruka pengar på i 2020. Midlar skal hentast frå klimafondet, kr 150 000.
- Det må utgreiast ein heilheitleg plan på oppvekstsektoren, der 1-10 skule, sammanslåing av barnehagane og fleirbrukshall/idrettshall skal sjåast på under eitt. Dette vert finansiert av disposisjonsfondet.
- Det må gjerast ein mogelegheitsstudie for Bjørkheimsområdet. Her skal ein vurdera ny næringsverksemd og forskjøning av området. Midlar skal hentast frå disposisjonsfondet, inntil kr 250 000.

Styrka disposisjonsfondet:

Når desse premissane er lagde er det viktig for rådmannen å presisera at Samnanger kommune har - som og fylkesmannen har presisert - ei høg lånegjeld. Dette betyr at det me no gjer med å byggja opp eit disposisjonsfond er særst viktig og riktig prioritering. Fondet skal brukast for å kunna ta uføresette hendingar.

God økonomistyring:

I 2020 skal me styrka disposisjonsfondet vårt ved å setja av 4 millionar kroner. Det er særst viktig dei neste åra å byggja opp fondet slik at me står betre rusta til å kunna ta framtidige utfordringar som brått kan oppstå. Det vil vere noko usikkerheit til renteutviklinga, me har utfordrande naturhendingar og andre uføresette hendingar kan og plutselig kome opp. Ein kommune av vår størrelse bør ha eit disposisjonsfond i størrelseorden 15 millionar kroner. For å skapa forutsigbarheit i drifta har me bunde lånerenta på ca 70 % av låna våre. Me har i 2019 jobba med å ta dei innsparingane me hadde planlagt i budsjett 2019, og lønskostnadane har me indeksjustert med 3,2 % i 2020 i forhold til nivået i 2019.

Levera gode lovpålagde tenester:

Både Agenda Kaupang-rapport frå 2016, Fjornes-rapport frå 2018 og kostratal 2019 viser at me driv dyrt i forhold til mange andre kommunar. Ein god del skyldast nok og noko kultur, og dette tar tid å snu. Rådmannen meiner at det er klokt å la 2020 bli eit år der organisasjonen øver og innstiller seg på eit stramt men forsvarleg budsjett.

Me forhold oss til både bemanningsnorm og pedagognormer i både barnehage og skular. Det er ikkje noko som tilseier at dette skal gå ut over tenestene me leverer. Me er nøydd til ei kvar tid å søkja å sjå etter andre og betre måtar å løyse oppgåvene våre på der det er naudsynt. Alle lovpålagde oppgåver skal prioriterast framfor andre oppgåver.

Sjukefråver:

Å jobba med sjukefråver for å halda det lågt er ei svært god prioritering, då sjukefråværløst kostar oss mykje pengar. Lågt sjukefråver er og ein god måte å spara kostnader på. Me skal i 2020 arbeida ytterlegare systematisk for å førebygga og halda sjukefråveret lågast mogleg. Me vil ha fokus på å leggja til rette for at medarbeidarane skal kunna vera i jobb sjølv om dei ikkje kan arbeida 100 %. Her må me og samarbeida ytterlegare med legane for å få dette til.

Verdiar:

Kvalitet: Me skal ha høg kvalitet på tenestene våre. Våre tilsette skal setjast i stand til å gjera oppgåvene med tryggleik og kompetanse.

Tillit: Innbyggjarane våre, som er våre kundar, skal vera trygge på at me gjer det me seier, med høg etisk standard, etter lova og at me er etterrettelege.

Framsynt: Me skal søkja nye, enklare og meir framtidsretta løysingar der det er mogleg, praktisk og fornuftig å gjera dette, alt for at me skal kunna tilby innbyggjarane våre gode tenester.

BEFOLKNINGSUTVIKLING

I Samnanger forventar SSB at folketalet vil gå ned sett i eit 20 årsperspektiv, medan det vil vera omtrent uendra dei neste fire åra.

Talet små barn er forventa å gå ned med nærare 4 % på landsbasis, og for Samnanger kan vi forvente ein ytterlegare nedgang. Behovet for barnehageplassar vil dermed verte redusert gradvis fram mot 2023 og utover.

På landsbasis er det forventa omtrent uendra tal på skuleelevar i åra framover. For Samnanger kan vi forvente ein liten auke dei næraste 4 åra, og seinare ein relativt stor reduksjon i elevtalet om ikkje fødselstalet og innflytting aukar.

Nasjonalt er det førebels ikkje noko stor eldrebølge. På landsbasis er det forventa ein auke på 8 % i talet innbyggjarar over 80 år. I prognosen for Samnanger forventar vi 5,3 % færre innbyggjarar over 80 år dei neste åra. Behovet for institusjonsplass vil verta for dei mest pleietrengande, medan innsatsen i sektoren er retta meir mot heimetenestene. Totalt for aldersgruppa frå 67-80 år viser prognosen ein auke.

På landsbasis er 81.3 % av innbyggjarane sysselsett, medan andelen i Samnanger ligg på 79,5 %. Dei neste fire åra kan me venta ein nedgang og færre yrkesaktive innbyggjarar. Ein slik nedgang vil kunne gje reduksjon i skatteinntektene og kan forverre kommunen sin økonomi.

Totalt sett viser prognosen at Samnanger får ein liten nedgang i folketalet i økonomiplanperioden 2020-23. Folketalet gjev grunnlaget for utrekning av rammetilskotet til kommunen, og ein nedgang kan gje reduksjon i inntekta i høve til tidlegare år.

Framskriven folkemengd — MMMM = «normal alternativet - det mest sannsynlege».

Nøkkeltal—SSB—	2020	2021	2022	2023	2030	2040
Folketal Samnanger	2 462	2 448	2 442	2 432	2 373	2 213
0-5 år—Barnehagebehov	157	142	137	124	120	101
6-15 år—Grunnskulebehov	288	296	295	298	232	189
16-66 år—bo og sysselsetting	1 534	1 509	1 501	1 488	1 383	1 223
67 år eller eldre – Eldreomsorgbehov	483	501	509	522	638	700

HOVUDTAL I 2020

Nytt kommunenummer: 4623

- **Tal innbyggjarar:**
⇒ 2 489 pr. 01.07.2019
- **Netto driftsresultat:**
⇒ Overskot 0,9 mnok
- **Avsetjing til disposisjonsfondet:**
⇒ 4,07 mnok
⇒ KS sitt krav 3,9 mnok
- **Driftsinntekter:**
⇒ 225,07 mnok
- **Driftsutgifter:**
⇒ 224,39 mnok
- **Netto driftsresultat i % av brutto driftsutgifter:**
⇒ 0,86 %
⇒ KS sitt krav 1,75 %
- **Lånegjeld pr 31.12.2020:**
⇒ 250 mnok
- **Nye lån i 2020:**
⇒ VA 14,5 mnok
- **Rente på lån i 2020 –2023:**
⇒ 2,4 %, 2,28 %, 2,2 %, 2,15 %

HOVUDTAL 2020 - 2023

I statsbudsjettet for 2020 er det rekna med ein nominell skatteauke på 2,1 % og ein samla pris- og kostnadsvekst (deflator) på 3,1 %. Fylkesmannen i Vestland si oppsummering av statsbudsjettet ligg vedlagt og detaljane kan lesast der. Det som kan nemnast spesielt er at det frå og med 2020 er lovfesta at alle kommunar skal ha psykologkompetanse. Det vil og vere plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande eldre med demens.

Regjeringa har som i 2019 gitt løyving gjennom særskilt fordeling til helsestasjon og skulehelseteneste (kr 405 000) og til frivilligsentral (kr 427 000). Satsing på auka lærartettleik er tidlegare år gitt som eit øymerka tilskot, men er frå 2020 gitt som særskilt fordeling. Tilskotet er på kr 397 000 i 2020, det øymerka tilskotet var på kr 610 000 i 2019.

Det er og verd å merke seg at Samnanger kommune ikkje får kompensert for redusert eigedomsskatt som resultat av lovendring. I 2020 er tapet på kr 72 000 og vil auke med kr 36 000 kvart år til og med 2024.

Stortinget vedtok i 2015 at inntektene frå oppdrettsnæring frå og med 2016 skal fordelast mellom stat, kommunar og fylkeskommunar. I 2018 fekk Samnanger kommune 2,2 millionar kroner frå Havbruksfondet og i 2019 vil me få 0,17 millionar kroner. Kommunen har tidlegare fått informasjon om at me kan forventast annakvart år med høg utbetaling frå fondet. Nærings- og fiskeridepartementet skriv i prop. 1 S at regjeringa tek sikte på å koma tilbake til Stortinget med forslag til løyving frå Havbruksfondet i rev. Nasjonalbudsjett for 2020. Det er ikkje lagt inn summar i framlegg til statsbudsjett for 2020. Kommunen har til tross for denne usikkerheita valt å legge til grunn at Stortinget sitt vedtak vert vidareført og at kommunane som har oppdrettsnæring vil få kompensert. I budsjett 2020 er det lagt inn ei forventast utbetaling på 2,2 millionar kroner.

Eit av måla med budsjettet er å sikra gode tenester for innbyggjarane innanfor rammene av ein sunn økonomi. Det er vedtatt endring i eigedomsskattelova frå 1.januar 2020 knytt til at skattegrunnlaget for bustader med takst frå formuesgrunnlag vert redusert. Me har i budsjettet lagt til grunn at inntekter frå eigedomsskatt på bustad og fritid skal vere på same nivå som i 2019. For å få det til vil det vere naudsynt å endre både promillesats og botnfrådrag.

	2018 R	2019	2020	2021	2022	2023
Driftsinntekt	-228 376	-216 646	-226 651	-224 192	-226 133	-225 591
Driftsutgift	226 442	214 066	224 972	224 937	226 238	225 882
Brutto driftsresultat	-1 934	-2 580	-1 679	744	105	291
Netto driftsresultat	-3 141	-3 589	-1 951	463	-29	259
I % av inntekt	0,74 %	1,65 %	0,86 %	-0,2 %	0,01 %	-0,11 %
Netto avsett til disp.fond	1 791	5 296	4 070	460	1 303	4

Alle tal i tabellane er i heile tusen. 2018 R er rekneskapstal.

Kommunen sine inntekter

Den største delen av kommunen sine inntekter kjem frå rammetilskot og skatt. Kommunen har òg betydelege inntekter frå eigedomsskatt og konsesjonskraft. Eigedomsskattelova er endra frå 01.01.2020 og kommunen må gjere tilpassingar for å oppretthalde inntektsnivået.

Frå og med 2017 har kommunen fått utbetalingar frå Havbruksfondet. Det er knytt stor grad av usikkerheit til utbetaling av fondet og meir informasjon vil me først ha i revidert nasjonalbudsjett 2020. Det er viktig å ha med seg at ein stor del av avsetting til disposisjonsfondet kjem frå føresetnad om utbetaling frå Havbruksfondet.

Kraftskatteutvalet har i haust lagt fram sin rapport der skattelegging av vassverk er vurdert. Utvalet har og sett på konsesjonskraft og avgift. Rapporten skal ut på høyring med høyringsfrist 01.01.2020. Det vil ha store konsekvensar for Samnanger kommune dersom konklusjonen i rapporten fører til endring.

Oversikt over skatt- og rammetilskot:

	2018 R	2019	2020	2021	2022	2023
Rammetilskot	-79 107	-80 830	-83 412	-83 011	-83 011	-83 011
Skjønn	-2 451	-2 300	-2 200	-2 200	-2 200	-2 200
Inntektsutjamning*	-6 102	-2 402	-4 247	-4 247	-4 247	-4 247
Skatt på inntekt og formue	-60 027	-66 592	-66 007	-66 007	-66 007	-66 007
Naturressursskatt	-5 429	-4 270	-5 429	-5 429	-5 429	-5 429
Sum	-153 116	-156 394	-161 295	160 894	-160 894	-160 894

*inntektsutjamning har samanheng med skatt

Den kommunale skatteøyren er i statsbudsjettet redusert frå 11,55 % til 11,1 % i 2020. Oversikt over korleis rammetilskot vert berekna finn me her: <https://frieinntekter.regjeringen.no/frie-inntekter-2020/>

Eigedomsskatt

Det er i økonomiplanen lagt til grunn ein generell skattesats på 7 ‰ og ein differensiert skattesats som gjeld bustad og fritidseigedomar på 2,8 ‰ (2,4‰) og eit botnfrådrag på kr 30 000 (100 000) pr bueining. (2019-tal i parentes)

Årsaka til at det no vert endring i sats som gjeld hus og fritidseigedomar er lovendring som vert gjeldande frå 01.01.20. Det er vedtatt ein obligatorisk reduksjonsfaktor for bustad og fritidseigedomar på 30 %. Formuesgrunnlaget er i 2019 redusert med 20 % og vil frå 2020 bli redusert med 30 %. For fritidseigedomar og andre eigedomar som er taksert av kommunen vert takstane no redusert med 30 %. Dette gjer at eigedomsskatteinntekta vert vridd meir over på dei som har bustadhus med takst frå formuesgrunnlag når kommunen skal oppretthalda inntektsnivået. Berekning er gjort med bakgrunn i inntekta i 2019 og viser at kommunen har fleire alternativ som kan gje same inntekt som i 2019. Det som vil gje lågast auke for eigedomar med takst frå formuesgrunnlag er eit skattesats på 2,8 ‰ og botnfrådrag på kr 30 000. 76 % av desse eigedomane har i 2019 ein takst på mellom 1,25 mnok og 2,75 mnok. Dei vil i 2020 betale ca kr 250 meir i eigedomsskatt. For eigedomar som er taksert av kommunen er biletet motsett. Ca 84 % av eigedomane har takst under 1,25 mnok og dei vil få redusert eigedomsskatt med ca kr 250.

Kommunestyret har eit ynskje om at eigedomsskatt skal reduserast, men det har det ikkje vore rom for å ta inn i denne økonomiplanperioden. I planperioden er netto driftsresultat lågt og til og med negativt nokre år. Kommunen bør sjå på om drifta kan effektiviserast ytterlegare i tillegg til at større investeringar i anna enn vatn og avlaup bør utsettast.

Eigedomsskatt på kraftanlegg, linjer og trafostasjonar: Fordelingsnøklane på kraftanlegga vart endra frå og med 2017 og gjev kommunen lågare inntekter frå eigedomsskatt. Statnett II-dommen som mellom anna seier noko om avskrivningstid har ført til at eldre anlegg som er eigd av BKK produksjon as og av Statnett er blitt taksert på nytt.

Statnett har bedt om at den nye planboka vert lagt til grunn, noko som har gjort at takseringsarbeidet vart forseinka. Både BKK og Statnett har fått moglegheit til å gje tilbakemelding på framlegg til nye takstar. BKK har ingen innvendingar og Statnett har ikkje svart. Totalt sett viser dei nye takstane inntekt om lag som i dag. Først når sakkunnig nemnd vedtar takstane vil me veta om det kjem klage. Advokatselskapet Lund & Co assisterer økonomikontoret i arbeidet. Eigedomsskatteinntekt frå BKK sine kraftstasjonar i Samnanger er aukande i økonomiplanperioden. Det er både knytt til at pris på kraft no igjen er kome over i år med høgare pris og i tillegg så har BKK hatt fleire vedlikehaldsprosjekt som no for det meste er avslutta.

Eigedomsskatt	2018 R	2019	2020	2021	2022	2023
Kraftanlegg	-3 092	-3 069	-4 179	-5 692	-5 842	-5 999
Næring	-4 156	-3 934	-4 302	-4 302	-4 302	-4 302
Særskilt grunnlag		-217	-184	-148	-112	-76
Hus og hytter	-5 032	-5 200	-5 200	-5 200	-5 200	-5 200
Sum	-12 280	-12 420	-13 865	-15 342	-15 456	-15 577

Konsesjonskraft:

Inntekt frå sal av konsesjonskraft har den siste ti-års perioden variert mykje. Kommunen har inngått avtale med Kinect energy om sal av kraft i 2019 og denne avtala er vidareført i 2020. Kinect energy kjøper og sel kraft gjennom heile året for å sikra kommunen best mogeleg pris. No i haust har kommunen sikra netto inntekt for 2020 på 6 millionar kroner. Resten av økonomiplanperioden er det lagt til grunn same inntekt som for 2019, dvs. 5 millionar kroner netto, med ei auke i 2023 til 5,5 millionar kroner.

Frå og med rekneskapsåret 2019 bokfører kommunen kostnad og salsinntekter kvar for seg, noko som gjer at det tilsynelatande er ein stor auke i salsinntekter frå 2019 til 2020. Denne endringa i korleis me bokfører sal av konsesjonskraft påverkar og netto driftsresultat i % av driftsinntektene.

Konsesjonskraft	2018 R	2019	2020	2021	2022	2023
Sal	-5 512	-5 000	-8 498	-7 498	-7 498	-7 998
Kjøp			2 498	2 498	2 498	2 498
Netto konsesjonskraft	-5 512	-5 000	-6 000	-5 000	-5 000	-5 500

Andre inntekter:

Kommunen tok i 2016 og 2017 imot flyktningar. Dei første 5 åra får kommunen tilskot til dette, men tilskotet vert redusert utover i perioden. I 2020 er det budsjettert med 1,2 millionar kroner og i 2021, som er siste år med tilskot, kr 286 000. Utgift knytt til busetting av flyktningar er og redusert utover i perioden. God integrering er ein føresetnad for å redusere utgiftene.

Som nemnt tidlegare er det knytt stor usikkerheit til tilskot frå Havbruksfondet. Forventa tilskot er dei første åra sett av til disposisjonsfondet, noko som reduserer konsekvensane for driftsbudsjettet dersom tilskotet ikkje vert som forventa.

Brukarbetaling, sal og leigeinntekter: Mange av desse satsane vert styrt av staten (maksimumssatsar) eller vert avgrensa av reglane om sjølvkost. Det er svært få område kommunen kan ha gevinst ved sal, men me bør ha som

mål at dei fleste gebyra er på eit nivå som sikrar sjølvkost.

Kommunen har i fleire år hatt gebyr som sikrar sjølvkost innafor vatn, avløp og slam. Dei siste åra har me òg fått på plass sjølvkost på feiing. For 2019 var det ein ny gjennomgang av korleis me fører løn til tilsette innafor sjølvkost. Auka arbeidsmengde gjer at sum stillingsprosent som vert ført på vatn og avløp har auka opp (omfordelt frå veg og bygg). Fond på avløp vil bli brukt opp i løpet av 2019 og konsekvensen er at me på dette området vil få ein driftskostnad i 2020—2022. Dersom me i løpet av dei neste 5 åra både aukar prisen kvart år og i tillegg klarar å legge til rette for at fleire kan kople seg på, vil me kunne føra dette underskotet tilbake i driftsbudsjettet. Dei første åra bør me auka prisen på avløp meir enn normal prisauke, dvs 5 % kvart år. Dette er og som ein konsekvens av investeringar dei nærmaste åra.

På vatn gjer store investeringar i 2020 det nødvendig å auka prisen for første gong på fleire år. Prisen bør aukast med 2 % for å vere litt i forkant av auka kostnad på sjølvkost vatn. Fleire påkoplingar vil og her redusere behovet for å auka prisen ut over prisauke dei neste åra.

På andre gebyr og inntekter vil det bli lagt inn 3 % auke med unntak av slamgebyr som vert uendra på nivå som i 2018.

Sal av sjukeheimplassar: Dei siste åra har kommunen selt sjukeheimplassar til nabokommunar. Kommunen sel og plassar no i haust og sjølv om det ikkje er inngått avtale om sal neste år, er det forventa at det vil bli noko sal. Det er i budsjettet lagt inn inntekt på kr 450 000 i 2020.

Kommunen sine utgifter

Størstedelen av kommunen sine driftsutgifter er løn til tilsette. Netto inntekt frå premieavvik og fond inngår i sosiale utgifter og tabellen under er korrigert for dette. Forventa lønsauke på 2,4 mnok er ikkje tatt med i tabellen.

	2018 R	2019	2020	2021	2022	2023
Lønsutgifter	116 568	111 270	114 430	113 089	113 089	113 089
Sosiale utgifter	30 454	30 826	29 946	32 349	33 238	33 869
Sosiale utgifter korrigert for premieavvik og fond	36 523	36 628	38 186	38 084	38 084	38 084
Lønsutgifter inkl sos.utgifter	153 091	147 898	152 616	151 173	151 173	151 173

Lønsutgifter inkl. sosiale utgifter utgjer ca 64 % av driftsutgiftene. Korrigert for premieavvik utgjer det 66 %.

Kommunen har investert mykje dei siste åra og avskrivingskostnaden er aukande og inngår som ein del av driftsutgiftene. Dersom me korrigerer for avskrivingskostnad utgjer lønskostnader heile 70 % av driftsutgiftene. Dette viser at effektiviseringsgrep og tiltak ikkje vil kunne gjennomførast utan at lønskostnader vert redusert. Det er viktig å ha ein langsiktig plan slik at dette mest mogleg kan løysast med naturleg avgang.

Budsjetterte pensjonsutgifter aukar frå 2019 til 2020 med ca. kr 300 000. Kommunen har to pensjonsselskap (KLP og SPK) som begge har som føresetnad at lønsveksten i 2020 vert høgare enn i 2019. I framlegg til statsbudsjett er det lagt inn ein forventa lønsauke i 2020 på 3,6 %. Dette er for Samnanger kommune berekna til 2,4 millionar kroner. Budsjett for lønsoppgjere vert budsjettert samla på ansvar 1120 og fordelt på einingane etter at lønsoppgjere er ferdig. Kommunen budsjetterer med kjent refusjon på alle einingar og med bufferstillingar på sjukeheim og heimetenester.


Samnanger kommune har dei siste åra investert mykje i bygg, både nybygg og renovering. Avskrivningane har auka frå 8 millionar kroner i 2016 til 14,9 millionar kroner i 2023. I kostra-samanheng vil høge avskrivingskostnader (og nye bygg) slå ut negativt dersom me ikkje går bak tala når me samanliknar oss med andre kommunar.

Lånegjeld og renter:

Samnanger kommune har høg lånegjeld, noko som og Fylkesmannen skriv i sine kommentarar til budsjett og økonomiplan 2019-2022. Fylkesmannen si klare anbefaling er at kommunen dempar investeringane framover og at dei som vert gjennomførte er sjølvfinansierande, dvs sjølvkostområde.

I økonomiplan for 2020-2023 er det fokusert på å fullføra og ferdigstilla allereie planlagde prosjekt. Investeringar innafor vatn og avløp (VA) vil bli prioritert denne økonomiplanperioden.


Det vil bli tatt opp eit nytt lån i 2020 på 14,5 millionar kroner til VA, 7,8 millionar kroner i 2021 og 5 millionar kroner i 2022 og 2023.



Årleg kostnad med eit lån på 1 mill. kroner vil vere kr 25 000 i avdrag (40 år) og ca kr 24 000 i rente (2,4 % rente). Det er både i Kommunalbanken (KBN) og Den norske bank sine prognosar lagt inn forventningar om stabil rente i økonomiplanperioden. Det er i budsjettet lagt til grunn ei rente i samsvar med KBN sine prognosar på 2,4 % i 2020, 2,28 % i 2021, 2,2 % i 2022 og 2,15 % i 2023. Det er brukt 2,2 % frå og med 2024.

Det har vore låg rente i fleire år og den låge rentekostnaden har hatt betydning for kommuneøkonomien. Meirkostnaden ved å binde renta på lån for å sikre forutsigbarheit har dei siste åra vore vurdert til å vere for stor. Det har vore einigheit om at kommunen bør ta litt risiko og på den måten unngå å betale for mykje i renter og heller bygge seg opp ein buffer på disposisjonsfondet. I 2019 har rentemarknaden vore litt spesiell og tilbod om fast rente låg fleire gongar lågare enn den renta som var lagt til grunn i økonomiplanperioden 2019-2020. Meirkostnaden fall derfor på mange måtar vekk og kommunen har no bunde renta på ca 68 % av lånegjelda. Fastrenta ligg på nivå med det som no er flytande rente, men over det som prognosane viser for økonomiplanperioden. Kommunen er no i ein situasjon som inneber mykje lågare risiko ved renteauke. Renta ligg pr. oktober 2019 på 2,4 %. 43 % av lånegjelda er bunde på 2,4 % for 10 år eller meir, resten er bunde for kortare tid til på mellom 1,8 % - 2,3 %.

70 % er jf. finansreglementet den øvre grensa for kor stor del som kan ha bunden rente.




Minimumsavdrag:

I ny kommunelov vert det framleis stilt krav til årlege avdrag på lån og det er no presisert korleis avdrag skal bereknast. For Samnanger får ikkje dette nokon konsekvens då me har brukt denne metoden i mange år. Estimat viser at avdrag på lån kan reduserast med kr 1 000 000 i 2020. Dette frigjer midlar i driftsbudsjettet og har ingen vesentlege negative konsekvensar for kommunen. Berekning av minimumsavdrag må gjerast på nytt når 2019-rekneskapen er klar. Fylkesmannen si anbefaling er at det bør betalast avdrag tilsvarande 3,5 % av lånegjelda. Der- som kommunen skal følgje den anbefalinga må avdrag i 2020 aukast med kr 500 000 .

Premieavvik:

Kommunen har to pensjonsselskap: SPK (Statens Pensjonskasse) for lærarar i skulen og KLP (Kommunal Landspen- sjons-kasse) for sjukepleiarar og andre tilsette. Dei har utarbeidd prognoser for premieavvik og bruk av fond for heile økonomiplanperioden som er lagt inn i budsjettet. Netto inntekt frå premieavvik og fond varierer frå 8,3 mil- lionar kroner i 2020 til 4,3 millionar kroner i 2023. Netto premieavvik har stor innverknad på budsjettet til kommu- nen. Prognosane frå selskapa viser at premieavviket (inntekt) aukar mykje utover i perioden og akkumulert pre- mieavvik aukar og som ein konsekvens. Det vert eit positivt premieavvik (inntekt) dersom premieinnbetaling er større enn årets aktuarberekna netto pensjonskostnad. Grafen under har rekneskapstal for 2014-2018 og 2019* er estimert rekneskaptal.



Fond

Disposisjonsfond:

Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunne møte uføresette utgifter eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt og som kan brukast både i drift og investeringsrekneskapen. Etter fleire vanskelege rekneskapsår med lite i avsetning til fond, vart det avsett til disposisjonsfondet både i 2016, 2017 og 2018. Det er òg budsjettert med netto avsetning til fond i 2019 på 3,6 millionar kroner. Ekstra løyving frå Fylkes- mannen til utgift som er finansiert med disposisjonsfond gjer at avsetning kan aukast med om lag 1,2 millionar kro- ner. Me kan forventa at disposisjonsfondet vil vere på om lag 12 millionar kroner pr 01.01.2020. Anbefaling frå Fylkesmannen er at disposisjonsfondet bør vere på minimum 13 –14 millionar kroner. Dette er eit mål kommunen vil klare å nå allereie i 2020. Når kommunen har eit disposisjonsfond som er stort nok til å ta uføresette hendingar, kan me bruke det overskytande til å finansiere eingongsinvesteringar, både i drift og investering.

	2017 R	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Disposisjonsfond	5 829	7 620	12 490	15 560	16 020	17 322	17 327
Berekraftfond	0	0	300	30	0	0	0

Fond Sima—Samnanger:

Bruk av midlane vart bestemt i kommunestyresak 15/12 og det har i åra etter vore fleire omdisponeringar, mellom anna til veg til Totræna og breiband. I økonomiplanperioden for 2019 –2020 vart det vedtatt å omdisponere den årlege løyvinga til musikkbinge på kr 5 000 og restsum VVA Bjørkheim til badevik Bjørkheim, til saman kr 345 402. I økonomiplanperioden vert det brukt kr 90 000 årleg til førebyggjande ungdomsarbeid. Fondet vil vere brukt opp i løpet av perioden.

Næringsfondet:

Av fondet vert det gitt tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemder og til verksemder under etablering. Kommunen brukar fondet aktivt til å finansiera eigne tiltak knytt til næringsverksemd, og finansierer mellom anna stillingsressurs som arbeider med næring. Frå og med 2019 er stillingsressurs knytt til næring auka frå 10 % til 40 %. Konesjonsavgift på kr 979 457 vert avsett til fondet kvart år. I tillegg kjem evt. sal av tomtar på Lønnebakken som vil bli tilbakeført til fondet. I 2019 er det selt tomt for kr 450 000 som vil bli tilbakeført til fondet. Pr 01.01.2020 vil det vere om lag kr 700 000 disponibelt. I økonomiplanperioden er det budsjettert med bruk av fondet til arbeid med områdeplan og til kommuneplanen sin samfunnsdel. I tillegg vert rente på lån til Rolvsvåg industriområde finansiert med næringsfondet kr 50 000. Disponibelt fond for 2020 er på om lag kr 400 000.

Ubunde investeringsfond

Kommunen har to ubunde investeringsfond (ubunde investeringsfond og nytt ubunde investeringsfond). Budsjettert saldo ved utgangen av 2019 vil vere på om lag 10,6 millionar kroner inkludert unytta bruk som vil bli overført til 2020. Det er søkt om tippemidlar til friidrettsbana på 1,056 mill. kroner, men dette er ikkje tildelt endå. I budsjettet har me lagt inn utbetaling i 2020.

Det er i økonomiplanen foreslått fylgjande bruk og avsetting til fond sett samla:

Ubunde investeringsfond	2020	2021	2022	2023
Forventa IB	10 680 380	5 003 282	4 214 282	3 425 282
Tippemidlar idrettsbana	1 056 000			
Sum avsett til fond	1 056 000	0	0	0
KLP eigenkapitaltilskot	-589 000	-589 000	-589 000	-589 000
Bruer - Jarland	-550 000			
Gangveg Hagabotnane	-500 000			
Friluftsprosjekt Badevik	-254 598			
KS 33/19 renoveringspott teknisk drift	-600 000			
Leddlys vegar	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Undernummerering og skilt	-450 000			
Opprusting kommunale vegar	-1 000 000			
Sosio oppgradering	-130 000			
Skottabakken , inventar	-200 000			
Skottabakken , kostnad forseinka prosjekt byggeleing	-200 000			
Skifte av økonomi og HR system	-1 799 500			
Skule: tavler og stolar	-260 000			
Sum bruk av fond	-6 733 098	-789 000	-789 000	-789 000
Sum netto ubunde inv.fond	-5 677 098	-789 000	-789 000	-789 000
Fond pr 31.12	5 003 282	4 214 282	3 425 282	2 636 282

Netto driftsutgifter						
Oversikt netto driftsutgifter i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2020 - 2023						
Alle tal er i 1 000 kroner. R = rekneskap B = budsjett						
	2018 R	2019 B	2020 B	2021 B	2022 B	2023 B
Rådmannskontoret	7 328	8 390	9 454	9 120	9 120	9 120
Næring inkl konsesjonskraft	-5 370	-4 901	-5 899	-4 899	-4 899	-5 399
Barnevern	5 425	5 868	5 455	5 455	5 455	5 455
Rådgjevar *	11 353	11 093	13 786	13 509	13 321	12 876
Sum Rådmann	18 735	20 450	22 796	23 185	22 997	22 052
Politisk nivå og revisjon	2 594	2 744	2 717	2 791	2 717	2 791
Teknisk adm.	916	398	538	538	538	538
Teknisk forvaltning	7 358	8 339	8 965	9 045	9 045	9 105
Teknisk drift	13 812	11 854	12 588	12 148	12 024	11 905
Eining for samfunnsutvikling	22 086	20 592	22 091	21 731	21 607	21 548
Sørvissenter	2 422	2 699	2 451	2 451	2 451	2 451
Kultur	6 533	6 965	7 241	7 164	7 164	7 164
Nav	6 863	5 235	5 222	3 873	3 873	3 873
Eining for innbyggarsørvis	15 818	14 898	14 773	13 348	13 348	13 348
Eining for helse	11 908	11 281	12 470	12 609	12 609	12 609
Pleie og omsorg adm.	486	70	442	442	442	442
Heimetenesta	14 569	14 744	15 715	15 715	15 715	15 715
Funksjonshemma	10 330	9 544	10 677	10 712	10 712	10 712
Samnangerheimen	21 658	20 934	23 416	23 976	23 976	23 976
Eining pleie og omsorg	47 042	45 291	50 251	50 846	50 846	50 846
Eining barnehage	15 296	15 444	15 681	15 126	15 126	15 126
Eining barneskule og SFO	20 876	21 176	20 984	20 984	20 984	20 984
Eining ungdomsskule	10 475	11 442	11 660	11 660	11 660	11 660
Sum einingar	164 831	163 318	173 422	172 279	171 894	170 963
Sum finans	-164 831	-163 318	-173 422	-172 279	-171 894	-170 963

*Rådgjevar inkl. juridisk, oppvekst felles, PPT og vaksenopplæring. Effektivisering i 2019 for skule og barnehage er lagt på ansvar 2000

For nærmare informasjon vert det vist til gjennomgangen av dei einkilde einingane /områda på dei neste sidene.

HOVUDFOKUS

- Gjera innbyggjarar fornøgde
- Sikre god økonomistyring
- Halda sjukefråværet lågt
- Jobba etter verdiane våre
- Ytterlegare styrka leiarkompetansen i Samnanger kommune sin organisasjon
- Skifte av økonomi- og lønssystem

RÅDMANN OG STABSFUNKSJONAR

Rådmannen si tilråding til nettoutgifter i heile tusen. (2018 R er rekneskapstal):

	2018 R	2019	2020	2021	2022	2023
Rådmann inkl HR og økonomikontor	7 328	8 390	9 454	9 120	9 120	9 120
Barnevern	5 425	5 868	5 455	5 455	5 455	5 455
Næringsføremål/konsesjonskraft.	-5 370	-4 901	-5 899	-4 899	-4 899	-5 399
Rådgjever	1 050	1 713	1 970	1 970	1 970	1 970
Felles skule og barnehage inkl. vaksenopplæring	7 172	5 649	6 100	5 676	5 596	5 151
PPT	0	0	1 820	2 012	1 904	1 904
Sum	15 605	16 719	18 900	19 334	19 146	18 201

Rådmannskontoret vil frå 2020 bestå av rådmann, HR-kontor, økonomikontor, rådgjeverar og PPT. Budsjettansvar for barnevern, næringsføremål/konsesjonskraft, leiropplæring og fellesutgifter for skule og barnehage (inkludert vaksenopplæring) ligg òg til dette området.

BARNEVERN

Samnanger kjøper barneverntenester frå Bergen kommune. Budsjett for 2020 baserer seg på prognose mottatt frå Bergen kommune.

ØKONOMIKONTORET

Kommunen skal skifta økonomi- og lønssystem i 2020. Me skal skifta frå Agresso til Visma, som er det same systemet som dei andre kommunane i IKT Nordhordland brukar. Dette vil vera eit stort og arbeidskrevjande prosjekt, som vil krevja mykje ressursar heile første halvår 2020. Prosjektet er lagt inn som tiltak i budsjettet for 2020, med ei total kostnadsramme på omlag 1,8 millionar kroner. Me vil ta i bruk fleire nye digitale løysingar etter overgangen til Visma. Dette gjeld mellom anna digitale reiserekningar og utvida bruk av digitale timelister og integrasjonar mellom forsystem og økonomi- og lønssystemet.

Det er ikkje lagt opp til andre større prosjekt eller tiltak for økonomikontoret i 2020.

HR-KONTORET

HR-kontoret vil på same måte som økonomikontoret verta sterkt involvert i prosjektet med skifte av økonomi- og lønssystem i første halvår 2020. Noko av målsettinga med prosjektet er å få ein vesentleg reduksjon i omfanget av manuelt lønnsarbeid ved HR-kontoret (punching av timelister, reiserekningar m.m.).

HR-kontoret har i andre halvår 2019 hatt ein ekstra 50 prosent stillingsressurs. Denne stillingsressursen skulle i utgangspunktet overførast til ei ny 50 prosent stilling som IKT-koordinator frå og med januar 2020. På grunn av prosjektet med skifte av økonomi- og lønssystem vert det no foreslått at HR-kontoret får behalda denne stillingsressursen også i første halvår 2020.

RÅDGJEVARAR

Følgjande stillingar/tenester vil i 2020 liggja til rådgjevarkontoret:

- Leiande rådgjevar
- Rådgjevar/jurist
- Rådgjevar oppvekst, inkl. vaksenopplæring
- PPT-kontor (to stillingar)
- IKT-koordinator

Oppgåvene til rådgjevarane er mellom anna å bistå rådmannen og ivareta diverse oppgåver på kommunenivå, for eksempel utviklings-/planleggingsarbeid, systemarbeid, sakshandsaming, kvalitetssikring, dokumentasjon og rapportering. I tillegg bistår rådgjevarane einingane/avdelingane med faglege råd m.m. Rådgjevarane har overteke noko av ansvaret som tidlegare låg til sektorleiarane.

I stillingsramma til rådgjevarkontoret ligg det òg ei vakant 50 prosent stilling som rådgjevar helse og omsorg. Det er i budsjettframlegget lagt opp til at noko av denne stillingsressursen i 2020 skal brukast til ulike prosjektoppgåver innanfor pleie- og omsorgsområdet.

Ansvaret for diverse fellesutgifter på områda skule/barnehage og IKT ligg òg til rådgjevarkontoret. Nokre av desse utgiftene kan variera relativt mykje frå år til år, og i nokre tilfelle kan det òg skje endringar i behovet i løpet av året. Det kan derfor verta endringar i 2020 i forhold til det som er lagt inn i budsjettframlegget.

IKT

2020 vil vera det første heile året kommunen si IKT-drift vert ivareteken av IKT Nordhordland. Det har vore ei utfordring i 2019 at me ikkje har hatt ei stilling som IKT-koordinator i Samnanger dei første månadane etter overgangen til IKT Nordhordland. Det vil vera ein stor fordel når denne stillinga kjem på plass i løpet av 2020.

Som medlem i IKT Nordhordland får kommunen høve til å delta i diverse samarbeidsprosjekt, mellom anna knytt til felles innkjøp av fagsystem og andre digitale løysingar. Samnanger vert også ein del av eit større fagmiljø enn tidlegare på fleire av fagsystema våre. Årsaka til dette er at fagsystema stort sett vert sett opp med same oppsett for alle IKTNH-kommunane, og at det vert køyrt felles innføringsprosjekt og etablert faggrupper /samarbeidsforum etter at systema har kome i drift.

VAKSENOPLÆRING

Koordineringsansvaret for vaksenopplæring ligg til rådgjevar oppvekst.

Mål:

Spesialundervisning:

Vaksne som får sakkunnig vurdering etter §4A-2 og §5-1, har rett på vaksenopplæring. Samnanger kommune har ansvar for at desse elevane får opplæring etter enkeltvedtak og individuell opplæringsplan.

Norskopplæring:

Personar som buset seg i Samnanger, og som har rett/plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, skal få tilbod om opplæring. Kommunen kjøper pr. i dag denne tenesta frå Nygård skule. Elevane får då den opplæringa dei har rett på og får ta dei nødvendige prøvar for å kunne bu og jobba i Noreg. Flyktningane som er busett i Samnanger kommune, skal få opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og høve til å ta prøve i desse faga, som ein del av introduksjonsprogrammet, gjerne kombinert med språkpraksis.

Organisering:

- Vaksenopplæringa har fleire elevar som får spesialundervisning og får den her i kommunen.
- Norskopplæring og grunnskule for vaksne vert gitt utanfor Samnanger.
- Vanskeleg å budsjettera, dei er i ein overgang frå fullført norskopplæring og arbeid evt. vidare skulegang.
- Det er no færre som får tilskot frå staten.

PPT (pedagogisk-psykologisk teneste)

PPT Samnanger starta opp som eige kontor sommaren 2018. Sommaren 2019 gjekk ein frå ein tilsett til to tilsette, og PPT Samnanger har no ein PPT-leiar i 100% og ein logoped i 100% stilling. Logopeden skal arbeide mest som sakshandsamar i PPT (individarbeid og systemarbeid i barnehage), men også som utøvande logoped i barnehage og skule, samt inn mot vaksne med behov for logopedisk behandling.

PPT Samnanger ynskjer å vere tett på og samarbeide med barnehagane, skulane og vaksenopplæringa om best mogeleg kvalitet på barnehagetilbodet/opplæringstilbodet. I tråd med PPT sitt mandat må PPT ha hovudfokus på born/elevar med særskilte behov, men PPT Samnanger ynskjer også å vere med å påverke i heilheita. PPT skal arbeide systemretta og ynskjer å bidra til best mogeleg ordinært barnehagetilbod/opplæringstilbod for alle. Viktige fokus for PPT sitt arbeid er førebygging og tidleg innsats, samt å vere med å skape gode og inkluderande læringsmiljø.

POLITISK NIVÅ OG REVISJON

Rådmannen si tilråding til nettoutgifter i heile tusen (2018 R er rekneskapstal):

	2018 R	2 019	2 020	2 021	2 022	2 023
Politisk nivå	1 985	2 148	2 103	2 176	2 103	2 176
Kontrollutval og revisjon	609	596	615	615	615	615
Politisk nivå og revisjon	2 594	2 744	2 717	2 791	2 717	2 791

Rådmannen sitt framlegg er basert på følgjande møtefrekvens i kommunestyret, formannskapet, utval, råd og nemnder i 2020:

- Kommunestyret, 7 møte (inkludert folkevaldopplæring)
- Formannskapet, 6 møte
- Naturvalet, 5 møte
- Arbeidsmiljøutvalet, 4 møte
- Administrasjonsutvalet, 4 møte
- Eldrerådet, 5 møte
- Rådet for personar med nedsett funksjonsevne, 2, møte
- Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt, 2 møte
- Klagenemnda for eigedomsskatt, 1 møte
- Arbeidsutval, adhoc-utval etc., 4 møte

Det er i framlegget teke høgd for indeksjustering av satsane for godtgjersle til folkevalde.

Revisjon og kontrollutval

Det er kontrollutvalet som sjølv utarbeider budsjettforslag for revisjon og kontrollutval.

Kommunestyret vedtok i sak 35/19 premiss for budsjett og økonomiplan for 2020-2023. Der står det mellom anna at kostnadsnivå for 2019 skal leggest til grunn og indeksjusterast for lønsauke. Dette gjeld og for tilskot til kyrkjestyret og til kontrollutvalet.

I rådmannen sitt budsjettframlegg for 2020 er 2019-ramma indeksjustert med 3,1 %, som er det same som er brukt som deflator (pris- og kostnadsvekst) i framlegget til statsbudsjett. Dette gir ein budsjettsum for 2020 på 614 565 kroner til revisjon og kontrollutval.

Kontrollutvalet har levert inn budsjettønske for 2020 på til saman 933 141 kroner til revisjon og kontrollutval, altså om lag 319 000 kroner meir enn det som ligg inne i rådmannen sitt budsjettframlegg. Denne differansen på om lag 319 000 kroner ligg som eit ikkje valt tiltak i rådmannen sitt budsjettframlegg.

HOVUDMÅL

Kvalitet- Tillit-

Framsynt

Kvalitet – At innbyggjarane opplever rett og forsvarleg tenestelevering

- FN sine berekraftmål er grunnlaget i planarbeidet
- Tilfredsstillande drikkevatt
- Halda det vi lover

Tillit - Me skal byggja tillit gjennom gode tenester og dialog

- God dialog og sørvis
- Vera eit levande og klimanøytralt lokalsamfunn
- Involvering i planarbeidet

Framsynt – Best rusta for å møte nye utfordringar. Leggje til rette for nytenking og utvikling

- Fokus på samfunns- og næringsutvikling
- Digitale tenester
- Vera rusta for raske samfunnsendingar og jobba smart

SAMFUNNSUTVIKLING

Rådmannen si tilråding til nettoutgifter i heile tusen (2018 R er rekneskapstal):

	2018 R	2019	2020	2021	2022	2023
Administrasjon samfunnsutvikling.	916	398	538	538	538	538
Teknisk forvaltning.	7 358	8 339	8 965	9 045	9 045	9 105
Teknisk drift.	13 812	11 854	12 588	12 148	12 024	11 905
Sum samfunnsutvikling	22 086	20 592	22 091	21 731	21 607	21 548

Samfunnsutvikling er sektoren kor det lokale handlingsrommet er stort. Kommunen si areal- og samfunnsplanlegging gjev den viktigaste retninga på kommunen si satsing på infra- og bustadstruktur, nærings- og lokalsamfunnsutvikling.

Digitalisering og ny teknologi opnar opp for nye måtar å kommunisera med innbyggjarane på og driva dei ulike tenestene. FN sine berekraftmål vert retninga for Samnanger i planarbeidet. For eininga vil særskilt måla innan klima og miljø ha høg prioritert .

Frå 2020 vert einingane teknisk forvaltning og teknisk drift samla i ei eining – *Samfunnsutvikling*. Eininga vil og ha oppgåver knytt til næringsutvikling. Fleire av prosjekta vil og verte gjennomført i tett samarbeid med kultur. Eininga sine verdiar er ; *Kvalitet – Tillit – Framsynt, og visjonen «Der du vil leva og bu»*.

Lokalt kvalitetsmål – Samfunns og næringsutvikling

Eit av hovudmåla i planperioden er å få auka fokus på samfunns- og næringsutvikling i Samnanger. Eininga ønskjer ei meir strategisk satsing i dialog med det politiske nivået. Me ønskjer eit «*næringskvarter*» under skriv og meldingar i både formannskap og naturutvalet, for å få og kunne gje innspel på tiltak som kan gje ei ønska utvikling for kommunen.

Reiseliv er eit viktig satsingsområde som har vakse fram frå prosjekta «Fossen Bratte» og «Ingeniørhytta». Samnanger ønskjer å få auka aktivitet til kommunen med medlemskap i *Visit Bjørnafjorden* og samarbeid med *Næringsshagen Hardanger*. Det er og ønskje om å koma vidare med tettstad- og næringsutvikling på Bjørkheim, og få til ein dialog med næringsdrivande om framtidens Samnanger. Etablering av sentrumsforeining på Bjørkheim og vidare samarbeid med Landhandleriet på Ytre-Tysse vert viktige tiltak kommunen deltek i.

Teknisk forvaltning – framtidretta planforvaltning, klimanøytralt samfunn og eByggesak.

Teknisk forvaltning sine tenester er knytt til plan- og byggesaker, samt oppmålingsarbeid. Eininga driv i hovudsak med forvaltning av Plan- og bygningslov, matrikkellov og sekundærlovverk som naturmangfaldlov, forureiningslov m.v. Deler av aktiviteten i tenestene er knytt til gebyr og sjølvkostprinsippet. I tillegg ligg beredskap som brann, feing og First Responder til eininga.

- KS-35/2019 «Det må gjerast ein moglegheitsstudie for Bjørkheimsområdet. Her skal ein vurdere ny næringsverksemd og forskjønning av området. Midlar skal hentast frå disposisjonsfondet, inntil kr 250.000 kroner.»
- Natur—19/2019: oppstart av reguleringsendring—områdereguleringsplan for Bjørkheimsområdet.
- Delegert sak 19/874: oppstart av detaljreguleringsplan for vatn- og avlaupsnett og gang og sykkelveg langs fv 49 i Eikedalen.
- KS-26/2019 - Heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse for Samnanger kommune.
- FS-18/2019—Medlemskap Klimapartner.

Utfordring og utviklingstrekk – plan, byggesak, matrikkel, oppmåling og beredskap

Utviklingstrekk – planleggingsåret for Samfunnsplan og reguleringsplanar, samt Klimasatsing.

- Dei største utfordringane i eininga er korleis eininga skal innfri politiske ønskje og forventningar, ut frå dei ressursane som er tildelt. Ei prioritering av lovpålagde oppgåver vert difor nødvendig.
- Plan- og bygningsloven set krav om revisjon kvart 4 år av kommunen sin areal-(KPA) og samfunnsplan (KPS). Planstrategien bør handsamast i februar 2020 og vil då legge føringar på einingane sitt planarbeid dei neste 4 åra. For teknisk forvaltning vil mykje av tidsressursen verte knytt til samfunnsplanen allereie frå hausten av. 100.000 kroner til dette arbeidet vert finansiert frå næringsfondet.
- I tillegg vil områdereguleringsplanen for Bjørkheim stå for tur til å verte revidert i løpet av våren 2020. Regulering av gang og sykkelveg og VA-anlegg i Eikedalen vert og starta opp. Reguleringsplanane vert finansiert noko med eigne ressursar, sjølvkost og ev. næringsfondet. Det er eit stort og breitt saksområde, og det vert behov for å kjøpa noko konsulenthjelp til t.d. analysearbeidet. Moglegheitsanalyse for Bjørkheimsområdet vert gjennomført parallelt med reguleringsarbeidet ved hjelp av eksterne ressursar.
- Oppstart av reguleringsplan for bustadområde og VA-anlegg til Erikajorda, samt plan for Strandpromenade Bjørkheim-Ådland er planlagt i 2021.
- Teknisk forvaltning leverer i stor grad tenester innanfor lovpålagde tidsfristar for gebyr. Særskilt byggesak har rask sakshandsamingstid. For tida er det relativt låg byggeaktivitet. Kontoret har difor kapasitet og fleksibilitet til å jobbe med prosjekt som Fossen Bratte og Ingeniørhytta, tur- og gangveg i Hagabotnane, samt søkje ulike tilskot som innfartsparkering, Trafikksikringstiltak, BOF (Bergen og omland friluftsråd) mm.

- Eikedalen - er eit eige avgiftsområde med vatn- og avlaupssatsar etter Kvam herad sitt gebyrregulativ. I budsjettet for 2020 vert det lagt opp til at Eikedalen på sikt skal følgje Samnanger kommune sitt gebyrregulativ. Dette for å bygge opp eit framtidig fond til vedlikehald av leidningsnett der.
- Overgang til nytt fylke –*Vestland* – fører til eit stort arbeid med endra kommunenummer og oppdateringar i eigedomskarta. Etter kvart som dette arbeidet vert fullført ønskjer me ta i bruk eByggesak ut mot innbygarane.
- Klima og miljø vert eit særskilt prioritert satsingsområde. Kommunen er medlem i Klimapartner, og gjennom dette vil vi kunne legge fram ein klimarekneskap for 2020. Ei føresetning for dette er å starte med å miljøsertifisere ein del av eigedomsmassane. Strand-/og plastyddingsaksjon vert gjennomført i mars. Ungdomsklubben er involvert og skal i første omgang kartlegge dei områda som er forsøpla. Aksjonane vil verte i samarbeid med BOF (Bergen og omland friluftsråd) og fiskeoppdrettsnæringa. Tiltaka er finansiert av vilt- og fiskefondet og berekraftfondet. Kommunen bør vurdere om midlar tildelt frå havbruksfondet bør verte sett av på berekraftfondet frå 2021.
- Arna brannstasjon inngår i dimensjoneringa til Samnanger, og overordna vakt vert ivaretatt av Bergen brannvesen. First responder utfører tenester i Samnanger for ambulansen. Det er gjennomført ein analyse av ordninga (eiga sak). Der konkluderer ein med å oppretthalde tenesta, men peikar på høve for innsparing for det som gjeld vaktordning.
- Brannbilen til kommunen er gammal og me har store vedlikehaldsutgifter med å halde den køyrbar. Det er lagt inn innkjøp av ny brannbil i 2021, stipulert til ein kostnad på 3,5 millionar kroner. Det er om lag 1 års byggetid, og brannbilen må bestillast eit år på førehand (dvs. 2020).
- Brannstasjonen treng utbetringar. Bedriftshelsetenesta har tilrådd ekstern vask av brukte brannkle inntil utbetring av rein- og skiten sone er utbygd. Viser til kapittel om eigedom.

Driftstiltak/ Investering

- Fossen Bratte – Forprosjekt knytt til reiselivssatsing på totalt 400.000 kroner, der det er søkt om 50% dekning frå fylket. Prosjektet er omtala i eiga sak.
- Ingeniørhytta – forprosjekt der det vert gjeve mandat til ev. å overta hytta og vidareutvikle den. Prosjektet er omtala i eiga sak.
- Badevika på Bjørkheim. Samarbeid med BOF (Bergen og Omland Friluftsråd). Totalt 2,5 millionar kroner inkl. mva, der me har søkt om 1,5 millionar kroner i statstilskot/tippemidlar og anna tilskot. Kommunen sin andel er stipulert til 500.000 kroner.
- Tur- og gangveg til Hagabotnane stipulert til ein kostnad på 500.000 kroner der me søker om 200.000 kroner i Trafikksikringsmidlar og folkehelsestilskot. Kommunal andel finansiert frå ubunde fond er på 300.000 kroner.
- Tiltak risiko- og sårbarheitsanalyse på 130.000 kroner. Kartlegge risiko-område, digitalisere beredskapsplan og utbetre eigenberedskapen.
- Klimatiltak - 100.000 kroner finansiert frå berekraftfondet, for medlemskap i Klimapartner og miljøsertifisering av bygg.
- Klimatiltak – Plast og strandrydding, Coastering mm. Avsett 100.000 kroner som er finansiert med 60.000 kroner frå vilt og fiskefondet.

Teknisk drift – VA-utbetring og vedlikehald av byggmassen.

Driftsavdelinga har ansvar for effektiv drift, vedlikehald, forvaltning og utvikling av kommunen sin eigedomsmasse, vegar, vatn og avlaup. Innanfor desse områda er det viktig å sjå langt fram og ha langsiktige strategiar.

Politiske vedtak:

KS 033/2019 (WEBSak 19/455) – Egedomsforvaltning - Vedtak:

«Statusrapport for eigedomsforvaltninga i Samnanger kommune sitt framtidige vedlikehaldsbehov vert teken til orientering. I det vidare arbeidet får rådmannen mandat til å utarbeida følgjande grunnlag til budsjett/økonomiplan 2020-23:

- auka ramma til vedlikehaldsbudsjettet med 1 million kroner
- utarbeida romprogram for 1-10 skule
- kartleggja og utarbeida behovet for omsorgsbustader, særskilt for eldre, psykiatripasientar og demente, og behovet for sjukeheimsplassar i 95-bygget
- starta planlegging for utviding av kyrkjegarden
- kartleggja romprogram for helsetunet der tenester som går under helse vert samla
- utarbeida romprogram for kommunehus, med vurdering av både samla og delt plassering, inkludert bruk av eksisterande bygg
- utarbeida romprogram for brannstasjon

Utfordring og utviklingstrekk – Kommunale bygg og uteområde

Samnanger har potensiale til meir effektiv utnytting av bygningsmassen og meir miljøvenleg ressursbruk. I 2020 er det planlagt oppstart med å miljøsertifisere ein del av bygga våre. På sikt skal det gje positiv energiforbruk og innsparingsgevinst. Viktigast for teknisk drift er no å få ei snarleg avgjerd om kva bygg som skal prioriterast med nødvendige vedlikehaldstiltak. Målet er å bygge minst mogleg nytt, rehabiliterer, fornye og utfase bygg som ikkje er framtidsretta.

Utviklingstrekk - plan bygningsmassen og effektivisering

- I 2019 hadde me eit «status-år» der me utarbeidde plan over vedlikehaldsbehovet til bygningsmassen. Denne vart lagt fram i juni-møtet 2019, og er meint å vera grunnlag for økonomiplanen 2020-2023, og investeringsbehovet dei neste 10 åra. Det er lagt inn ein auke på 400.000 kroner til vedlikehald og 600.000 kroner til rehabilitering/investering.
- Eininga skifter kommunale bilar til el-bilar, og omdisponering av køyregodtgjersle finansierer tiltaket.
- Reinholdet er digitalisert og organisert i teamreinhold. Dei har redusert bemanninga i tråd med innsparingsvedtaket i 2019. Det er lagt opp til bruk av el-bilar i tenesta.

Driftstiltak/ Investering

- Større rehabiliteringstiltak/investeringar er ikkje lagt inn i 2020. Ungdomsskulen, kommunehuset og branngarasjen har flest HMS- og enøk-avvik. Før kommunen vel å rehabiliterer desse bygga bør me ta stilling til framtidig skule- og barnehagestruktur, framtidig plassering av kommuneadministrasjonen og brannmannskapet. Ein analyse bør verte gjennomført, og det er lagt inn 250.000 kroner til utgreiing av framtidige alternative løysingar.

Utfordring og utviklingstrekk – Veg og vintervedlikehald

Samnanger har om lag 26 km kommunal veg. I juni 2019 fekk kommunen tilbakeført drifta av Nyutløtrævegen. Grunna HMS-vedtak vart midlar omdisponert og vegen utbetra med nødvendige tiltak i 2019. Vegen er no klar for vintersesongen 2020, og driftsavdelinga ønskjer å kartlegge brøytebehovet med å brøyta vegen sjølv denne sesongen. Det vert lagt fram ei evaluering ved sesongslutt.

Politiske vedtak:

Kommunestyret sitt vedtak i interpellasjon frå Frp. den 3 juni 2019:

«Våren 2019 har ei tverrpolitisk gruppe hatt fleire møter for å drøfte moglege nye løysingar for privatisering av vegar i Samnanger kommune. Drøftingane har foregått i ein god tone, noko som har ein verdi seg sjølv. Privatisering av vegar må sjåast i ein større samanheng og den viser at gevinsten Samnanger kommune oppnår med å privatisere vegar ikkje står i forhold til innsatsen. Det kostar mykje å gjennomføre, det skaper mykje støy blant innbyggjarane, innsparingane vil vera låge og me oppnår svært lite med tanke på rettferd. På dette grunnlaget blir sak med å privatisere vegar avslutta. Som del av avslutninga skal Nyutløtrævegen igjen vere kommunal veg og administrasjonen får i oppdrag å vurdere kritiske naudsynte tiltak på vegen.

Dersom kommunen skal forsøkje å spare pengar på veghold bør ein vurdere om det for enkelte vegstrekningar er mogeleg å senke standard for vintervegholdet. Det bør og vurderast om private kan ta ein større del av vintervegholdet. Det bør i tillegg vurderast alternative løysingar til dagens praksis med leige av driftslokale hos BKK på Frøland.»

Utfordringar – Asfaltering, skilt og Ledlys.

- Det er eit stort etterslep på vedlikehald av kommunale vegar. I 2020 er det sett av 1 million kroner til vedlikehald/opprusting av vegar. Påbegynte prosjekt i 2019 vert prioritert, og vegar som kan utbetrast i samband med nye leidningar/rehabilitering av kommunalt VA-anlegg. I økonomiplanperioden vert det lagt opp til 1 million kroner årleg til opprusting, rassikring og asfaltering.
- Skifte av veglys til ledlys er i tråd med lovkrav, eit trafikksikringstiltak og som reduserer energikostnader. Frå 2020 er det lagt inn 200.000 kroner årleg til ei gradvis utskifting.
- 50.000 kroner har årleg lege inne til påløpande trafikksikringstiltak primært til gangveg og kommunale skulevegar.
- Utgifter til skilt for underadressering frå vegnamn (nummer til hus), skilting i tråd med parkeringsplanen og oppmerking av kommunale parkeringsplassar vert vidareført og ferdigstilt i løpet 2020. Det er sett av 512.000 kroner til prosjektet, som er eit samarbeid med teknisk forvaltning.
- Vintervedlikehaldet for 2019/-20 og ev. utsetting av dette vert vurdert etter sesongslutt, og lagt fram som eiga sak.
- Eininga har fått fleire søknader om tilskot til vedlikehald/overtaking og dekking av brøytekostander. Det er ikkje avsett midlar til dette eller vedtekter for dette.

Investering

- ROS-tiltak for utbetring av bru på Jarland – overført 450.000 kroner til 2020
- Asfaltering og vegutbetring - 1 million kroner
- Veglys - skifte til ledlys årleg 200.000 kroner
- Trafikksikringstiltak- pri 1. Nytt kryss Ådland. Planlegging under arbeid. Tiltak flytta til 2021
- Trafikksikringstiltak- pri 2. Gangsti Hagabotnane. Tiltak i 2020. Totalt 500.000 kroner eks. mva., der 300.000 kroner er kommunal andel.

Utfordring og utviklingstrekk – Vatn og avlaup

Eit av dei viktigaste fokusområda til kommunen, er å ha tilfredsstillande drikkevatt med god hygienisk kvalitet og høg leveringsstabilitet.

Vatn og avlaup er underlagt sjølvkost, og eventuelle overskot/underskot må derfor verte sett av på eller vert dekkja frå fond. Fondet skal over tid gå i null. Gebyra må difor verte regulert i forhold til fondet. Med dei investeringane som det er lagt opp til vert gebyra på vatn auka med 2 % og 5% for avlaup. Kapitalkostnadane knytt til investering inngår i gebyrberekningane for vatn og avlaup.

VA i Eikedal er eit eige sjølvkostområde. Prisane må aukast ut over vanleg prisauke for å ta høgde for planlagde investeringar.

Politiske vedtak/pålegg:

- 2019-rapport frå Mattilsynet – ROS-analyse av Myra- og Rolvsvåg-vassverket, der kommunen fekk pålegg om å etablera reservevassverk. Områda bør og verte gjerda inn.

Utfordringar – fleire nye abonnentar


- Både vasskvaliteten og leveringskvaliteten i vårt vassverk er høg. I ROS-analyse til Mattilsynet er det pålegg om mobilt reservevassverk i tilfelle Myra må stengast ned. Området rundt Myra vassverk må og verte sikra med gjerde.
- Me har starta ei kartlegging av eksisterande vass- og avlaupsleidningar, og fokuset i 2020 vert å skifte vasskummar og hovudleidningar. Høgdebassenget i Nordbygda vil slutførast tidleg i 2020, og arbeidet med å få bygt ny vass- og avløpsleidning frå Indre til Ytre-Tysse vert vidareført. Det vil kome ein del nye abonnentar i samband med dette.
- Det er og lagt inn tiltak som vil gje fleire nye abonnentar i økonomiplanperioden.
- Innføring av vassmålar vil og verte vurdert.

Investering

- Nytt VA - Indre– og Ytre-Tysse 6 millionar kroner og overført frå 2019
- Reservevasskjelde for Myra vassverk—3 millionar kroner
- VA -årleg investering, avsett 4 millionar kroner til rehabilitering eksisterande, utviding av leidningsnett
- Viser og til utarbeiding av reguleringsplan for Eikedalen (2020) og Erikajorda (2021) der me bør pårekna oppstart av utbygging av VA-infrastruktur i slutten av planperioden. Med utbygging til Erika-jorda vil det og verte vurdert å rehabilitere Bygdavegen samstundes.

NY ORGANISERING

Sørvisseenteret, kulturavdelinga og NAV kommune vert samla i ei eining:



Eining for innbyggarsørvis

EINING FOR INNBYGGARSØRVIS

Rådmannen si tilråding til nettoutgifter i tusen (2018 R er rekneskapstal):

	2018 R	2 019	2 020	2 021	2 022	2 023
Sørvisseenter	2 422	2 699	2 451	2 451	2 451	2 451
Kultur	6 533	6 965	7 241	7 164	7 164	7 164
Nav	6 863	5 235	5 082	3 733	3 733	3 733
Eining for innbyggarsørvis	15 818	14 898	14 773	13 348	13 348	13 348

Med verknad frå 2020 vert sørvisseenteret, kulturavdelinga og NAV kommune samla i ei eining - eining for innbyggarsørvis - med ein felles einingsleiar. Det er ikkje lagt opp til å endra den samla stillingsramma for desse tenestene som følgje av samanslåinga.

I første omgang vil ikkje desse tenestene verta samlokaliserte meir enn dei er i dag. Det bør på sikt vera eit mål å få til samlokalisering, for eksempel eit felles «innbyggarsørviskontor».

SØRVISSENTERET

Sørvisseenteret har mellom anna ansvar for arkiv, ekspedisjon/ publikumsmottak, politisk sekretariat, handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve og diverse sørvis til innbyggjarar og tilsette i kommunen.

Arbeid knytt til arkiv, dokumentasjon, nye fagsystem, innsynskrav og nye elektroniske løysingar vert stadig meir omfattande, og dette merkast spesielt godt for sørvisseenteret.

Sørvisseenteret har dei siste åra lagt ned svært mykje arbeid med å henta inn delarkiv/arkivmateriale frå einingane og få dette systematisert og oppbevart på forskriftsmessig måte. Ein konsekvens av dette er at kommunen må kjøpa langt fleire hyllemeter hos Interkommunalt arkiv i Hordaland enn me gjorde tidlegare. Det står framleis att ein god del arbeid knytt til delarkiv/gammalt arkivmateriale, og det må brukast ressursar på dette også i åra som kjem.

Lokalitetane til sørvisseenteret er ikkje tilfredsstillande, og det bør arbeidast for å betra på dette.

Det er ikkje lagt inn forslag om stillingsauke ved sørvisseenteret i budsjettframlegget for 2020.



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -

NAV

Framlegget til budsjett er stramt men nøkternt. Det er to viktige årsaker til at ein del budsjettpostar er redusert. Det er:

- Fleire av flyktningane som kommunen tok imot i 2016 avsluttar introduksjonsprogrammet no i 2019 og er komne over i ordinær skulegang/annan aktivitet.
- Prosjektet, snu i døra: Samnanger kommune fekk tilskott frå Fylkesmannen (Arbeids og Velferdsdirektoratet) for tettare oppfølging av brukarar som har eit stykke veg å gå før ein er i jobb. Arbeidet i prosjektet viser resultat. I 2. halvår 2019 har utgiftene til økonomisk sosialhjelp flata ut. Fleire er komne i ordinært arbeid og andre i statlege tiltak. Prosjektet kan som prosjekt drivast i 3 år. 2020 er andre året. I framlegg til budsjett ligg det inne at Samnanger kommune får tilskott også i 2020. I tillegg bidreg Samnanger kommune med 10 % stilling.

ANSVAR 3200, NAV

Kvalifiseringsprogrammet (KVP) er ei lovfesta ordning. KVP er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å bekjempe fattigdom. Måltall for Samnanger er 2. Erfaringa tilseier at ein ikkje klarar å ha 2 inne heile året. Budsjettet er derfor redusert med kr 40.000.

Økonomisk sosialhjelp. Budsjettet er redusert med kr 200.000. Prosjektet, snu i døra gjev resultat. Utgiftene til økonomisk sosialhjelp flatar ut. Ein forventar ein reduksjon i 2020.

Konto 8100.2830. Utbedringstilskott frå Husbanken. Desse pengane er no lagt inn i ramma og er ikkje lenger øyremerkt.

ANSVAR 3202 FLYKTNINGEKONTORET

Introduksjonsstønad (avgiftsfri løn). Denne posten er redusert ift 2019. I 2020 veit ein om tre som vil vera på introduksjonsordninga deler av året. I tillegg er det to som enda ikkje er avklart ift denne ordninga.

Drift/ vedlikehald kjøretøy. Det er ingen EU kontroll på bilen i år. Ein kjenner heller ikkje til større reparasjonar. Budsjettet er derfor redusert med kr 10.000.

Tolk. Fleire av flyktningane er no på vidaregåande skule / statlege tiltak. Det reduserer NAV sitt behov for Tolketenester. Budsjett redusert med kr 10.000.

Sosialhjelp på flyktningebudsjettet. Tre går ut av introordninga i løpet av 2020.

I tillegg er det fleire som har gått ut hausten 2019. Det er ein risiko for at fleire av desse vil leva av økonomisk sosialhjelp heile / delar av 2020. Det er bakgrunnen for at budsjettet er uendra ift 2019.

NYE MODULAR I SOSIO

Sosio er programmet ein nyttar ved handsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp. På same måte som andre stønader i NAV skal også søknad på økonomisk sosialhjelp gjerast digitalt. For å få det til trengs ein ny modul i Sosio. Me kan velga å kjøpa berre den modulen som gjer at folk kan søkja digitalt eller ein kan kjøpa to modular til som og sikrar digital utsending av vedtak og digitalt arkiv. Rådmannen tilrår at me kjøper alle tre modulane, og dette tiltaket er valt i budsjettframlegget. Gjennom å kjøpa alle tre modulane vil ein både spara utgifter til porto og papir, samt ha best mogleg orden i arkivet.

KULTUR

Hovudmål: Kvalitet - Tillit - Framsynt	
Kvalitet:	At innbyggjarane opplever rett og rettferdig tenestelevering <ul style="list-style-type: none"> • Livskvalitet gjennom auka kulturaktivitetar og fysisk aktivitet
Tillit:	Me skal byggja tillit gjennom gode tenester og dialog <ul style="list-style-type: none"> • Auka samarbeid gjennom frivilligheit
Framsynt:	Best rusta for å møte nye utfordringar. Leggje til rette for nytenking og utvikling <ul style="list-style-type: none"> • Vera rusta for raske samfunnsendingar og søkje tilskot

Utfordringar og utviklingstrekk: Oppretthalda tilbodet, høg aktivitet og søkje tilskotsordningar

I budsjett for 2020 er det budsjettert med 38 215 kroner meir enn tildelt budsjetttramme på 7 193 586 kroner. Dette er noko av eigendelen til meirope bibliotek. Innanfor gitt budsjetttramme for 2020 er det òg lagt inn ein eigendel på 40 000 kroner til prosjektet *Friluftslivets ferdseisårer* (turskiltprosjekt).

Kulturavdelinga baserer mange av aktivitetane på tilskot. Etersom tilskota me får som hovudregel skal gå til ein aktivitet eller utstyr kan me ikkje rekna dei som rein inntekt. For å auka opetida på biblioteket kjem me til å søkje om tilskot til meirope bibliotek, noko som føreset tilsvarende eigendel. Elles består kulturavdelinga sitt budsjett i all hovudsak av faste postar og utgifter. For fleire av aktivitetane til kulturavdelinga er tilskot og bruk av fondsmidlar ein føresetnad. Alt som kjem utanom må me finna plass til og fordela så godt som råd frå år til år.

Frivilligsentralen har vist seg å vera ei etterlengta teneste for mange av innbyggjarane i kommunen. Me legg særskild vekt på å motverka einsemd og syte for tilbod til alle innbyggjarar uavhengig av økonomisk situasjon, som t.d. utstyrsbanken. Frå 2021 vil tilskotet (50% stilling) til frivilligsentralane verta innlemma i rammetilskotet. Frivilligsentralen genererer mykje aktivitet og har høve til å søkje om ei rekkje tilskot. Den er og ein viktig støttespelar til kommunen sine tenester, innbyggjarane, frivillige lag og organisasjonar.

Samnanger får 70 000 kroner i statstilskot til folkehelsearbeid. Ein del av oppgåvene er òg å få ut tilskot til folkehelsearbeid, sykkelopplæring for barn, markering av verdensdagen for psykisk helse, symjeopplæring for barnehagebarn, Sommarklubben og mykje anna.

Kulturskuletilbodet heldt fram som tidlegare år. Administrasjonstida til kulturskulerektor vert auka opp med 10 % til 40 % når rektor går av med pensjon sommaren 2020. Kulturskulen sitt sal til barnehagane vert erstatta av eige tilbod av barnehagane sjølv, og inntekta er justert ned. Elevkontingenten (inntekt) vert justert med prisindeksen og avhenger av talet på elevar.

Hovudmål

- Fremje helse og førebyggje sjukdom, lågare sjukefråver
- Fagleg forsvarlege tenester
- Rett og nødvendig kompetanse
- God nytting av tildelte ressursar/ effektiv drift
- Utgreie mogleg nytt legevakt-samarbeid med Bergen og Osterøy

EINING HELSE

Rådmannen si tilråding til nettoutgifter i heile tusen (2018 R er rekneskapstal):

	2018R	2019	2020	2021	2022	2023
Helsestasjon	1 046	1 076	1 152	1 152	1 152	1 152
Jordmor	192	223	235	235	235	235
Lege	7 615	7 046	7 840	7 840	7 840	7 840
Fysioterapi	978	1 039	1 051	1 051	1 051	1 051
Psykatri	1 370	1 524	1 580	1 580	1 580	1 580
Psykolog	707	373	612	751	751	751
Sum helse	11 908	11 281	12 470	12 609	12 609	12 609

Ei av dei største oppgåvene i 2020 på helse er å utgreia mogleg nytt legevakt-samarbeid mellom Osterøy, Bergen og Samnanger. I dag har me ein avtale med Os om legevakt-samarbeid, dette vil nok endra seg noko når Bjørnefjorden blir ny kommune.

Me har lyst ut etter psykolog som me er pålagde å ha frå 01.01.2020. I helse-eininga er det legeteneste, psykiatri, psykolog, jordmor, helsesjukepleie, fysioterapi og helsesekretærer. Frå 01.02.2020 har me ikkje einingsleiar her, så me jobbar med å sjå på ei løysing vidare på dette.

Me vil fortsetja med å ha helsesjukepleiar på barneskulen og ungdomsskulen ein dag i veka, både for å førebyggja og å kunna hjelpa. Me ser at ungdomen i Samnanger ligg høgare på scoren for at dei er plaga med mykje einsemd, trenar mindre enn ungdom i andre kommunar i fylket og i Noreg totalt, og samstundes scorar høgare på meir enn to timar framfor skjerm kvar dag.

Viktigheit av å jobba aktivt med folkehelse må prioriterast. Me har god dekning på psykiatri.

3 GOD HELSE



Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle mennesker

Hovudmål

- Fremje helse og førebyggje sjukdom, lågare sjukefråver
- Fagleg forsvarlege tenester
- Rett og nødvendig kompetanse
- God nytting av tildelte ressursar/ effektiv drift

Sjukeheim/Heimetenester

- Ny turnus med jobb kvar 6. helg
- Samanslåing og jobb både ute og inne
- Startar på «Leve heile livet»-plan
- Tilsett prosjektleiar 50 % på velferdsteknologi
- Tar i bruk E-lås, Pilly, Medido, Nettbrett, Tryggingsalarm med fallsensor, GPS, etc
- Aktivitetssenter for demente

Funksjonshemma

- Ferdigstilla Skottabakken

EINING PLEIE OG OMSORG

Rådmannen si tilråding til nettoutgifter i heile tusen (2018 R er rekneskapstal):

	2018R	2019	2020	2021	2022	2023
Adm. helse og omsorg	486	70	442	442	442	442
Funksjonshemma	10 330	9 544	10 677	10 712	10 712	10 712
Sjukeheim	21 658	20 934	23 416	23 976	23 976	23 976
Heimetenester	14 569	14 744	15 715	15 715	15 715	15 715
Sum pleie og omsorg	47 043	45 292	50 250	50 845	50 845	50 845

SJUKEHEIM/HEIMETENESTER

I budsjett 2020 er det lagt opp til ei organisering der me i praksis slår saman heimetenester og sjukeheimen, der dei tilsette skal arbeida både inne og ute, dette for å fordela belastninga mest mogleg på alle.

I tillegg vert det laga ny turnus der dei tilsette jobbar kvar 6. helg og ikkje kvar 3. som no. Dette påverkar både arbeidsbelastning og trivsel i positiv retning. Me fortsett med årsturnus der dei tilsette kan koma med ynskje for heile 2020. Dette er god arbeidsgjevarpolitikk og skapar godt arbeidsmiljø.

Organisasjonsgjennomgang hausten 2018 syner at det framleis er rom for å jobba smartare og eininga tek utfordringa. Budsjettet 2020 er lagt opp til kostnadsnivå som 2019, noko som skal gje rom for å kunna sjå etter nye og meir kostnadseffektive måtar å arbeida på utan at det skal gå ut over kvaliteten på tenestene våre.

Ei utfordring er at alle lover/forskrifter og reformer gjeld like mykje for Samnanger kommune som for dei store kommunane. Sjølvstilt i mindre målestokk men planarbeid, avtalar, kvalitet, internkontroll m.m. må likevel vera på plass. Vår styrke som mindre kommune er at me kan snu oss fortare og er meir tilpassingsdyktige. Me har tre store planar me må ferdigstilla i 2020:

- Pleie og omsorgsplan
- Rehabilitering/ Habiliteringsplan
- Leva heile livet

Me har no tilsett kreftkoordinator, og det viser seg å ha vore ein stor suksess. Behovet for å ha denne type ressurs har vore stort. Me får mykje gode tilbakemeldingar både frå dei som er ramma av kreft, men og frå pårørnde. Dette vil me og ha fokus på vidare i 2020.

Når det gjeld kompetanseheving innan pleie og omsorg så vil 2020 vera det fyrste heile året me har to 100 % stillingar som fagsjukepleiarar, dette trur me vil styrka kompetansen og internkontrollen vår mykje.

Me satsar sterkt på sjukepleiarane våre som er ei mangelvare i dag, dette gjer me gjennom å ha:

- To sjukepleiarar på vidareutdanning, Avansert gerontologi
- Ein sjukepleiar på vidareutdanning, Rus og psykiatri
- Ein tar desentralisert sjukepleiarutdanning
- Tolv tilsette tar Demens ABC
- Tolv tilsette tar Velferdsteknologiens ABC



Me skal ha fokus på rehabilitering og satsar på å starte opp med **kvardagsrehabilitering** i løpet av våren. Me vil og satse på meir rehabilitering i egen heim. Pasientane skal få bu heime og bli opptrent i kjente omgjevnader og fysioterapeut skal koma heim til kvar enkelt.

Me startar no heilt i slutten av 2019 eit prosjekt som er kalla «Førebyggjande heimebesøk» som me vil la gå løpande kvart år. Det me gjer er å kartleggja og gje tilbod om besøk til alle 81-åringar og eldre. Hensikten er at me tidleg kan kartleggja og gje informasjon med mål om å førebu ev komande utfordringar som gamal.

Me må vera på i forhold til å søkja midlar/støtte på ulike prosjekt etc. Kva kommunen greier å skaffe av midlar/tilskot vil kunne avgjere kva tiltak og reformer som vert gjennomført/implementert i einingane.

Me har tilsett ein prosjektleiar på velferdsteknologi som skal ha ansvaret for å drive fram bruk av ny og moderne teknologi i tenestene våre i eining for pleie og omsorg (Samnangerheimen, Heimetenester og Funksjonshemma). Her tek me i bruk E-lås, Pilly og Medido (medisineringstøtte). Vidare vil me få tilgang på GPS, tryggleiksalarm med fallsensor og døralarm, alt dette og meir vil me ta stilling til fortløpande. Me er med i Vestlandsprosjektet og gjennom det samarbeidet vil me få tidleg informasjon og tilgang til ny utprøvd teknologi.



Det er eit stort og kontinuerleg behov for å halda oss oppdatert innan helsesektoren og dette skal og prioriterast framover. Me skal ha dei beste fagfolka som finst til å handtera dei gamle og sjuke innbyggjarane i kommunen vår, og me skal og syta for nok kursing og opplæring for våre tilsette.

Dagsenteret vårt vil me gjera meir om til eit aktivitetssenter. Me har endeleg tilsett ein ekstra ressurs for å få meir ut av dette, frå 01.01.2020, og har ei plikt til å leggja til rette for yngre demente.

Me startar og med ein aktivitet kvar onsdag på Samnangerheimen, der dei eldre som bur heime kan koma på heimen og kjøpa seg middag. Dette gjennomfører me i tett samarbeid med Eldrerådet som syter for å henta dei gamle heime og køyrer dei heim igjen etter middagen.



FUNKSJONSHEMMA:

Ferdigstilling av Skottabakken er sett til ca. 06.03.2020. Me vil ikkje stressa denne datoen, men me satsar på å vera i hus før påske 2020. Når bebuarane flyttar frå Samnangerheimen til Skottabakken vil me få frigjort 6 rom på Samnangerheimen som me kan vurdera som utleige til andre kommunar.

Det er sett av kr 250 000 til å møblera Skottabakken i fellesområda og nokre kontor. Bebuarane vil sjølv ta med seg sine møblar til sine respektive leilegheitar. Det er sett av ein leilegheit som avlasting. Me vil ikkje ha leigd ut alle leilegheitane ved ferdigstilling slik det no ser ut, men målsettinga er å få inn bebuarar i alle leilegheitar.

I Skottabakken sitt fellesområde ynskjer me å få til dagaktivitetar, og det vert møblert deretter i arbeidstova.



HOVUDMÅL

Å gjera kvarandre gode,
og villa kvarandre vel

Kjerneverdier

- Kvalitet
- Tillit
- Framsynt

Mål skule og barnehage:

- Ein god stad å vera
- Ein god stad å (leike og) læra

Barnehage

- Implementera ny rammeplan
- Vera ein lærande organisasjon
- Laga handlingsplan for godt psykososialt barnehagemiljø
- NØKKELEN - eg og du

Barneskule

- Fagfornynging
- Ny handlingsplan for godt læringsmiljø
- Tilpassa undervisning
- Leksefri skule

SFO

- Gje tilbod til dei som ynskjer SFO
- Sjølvkostprinsippet

Ungdomsskule

- Fagfornynging
- Ny handlingsplan for godt læringsmiljø
- Tilpassa undervisning
- Grøn skule

Vaksenopplæring

- Levera gode tenester og koma raskt i gong med opplæring for dei som treng det
- Jobba systemretta med førebyggjande arbeid
- Rådgjevande teneste

BARNEHAGE OG SKULE

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i heile tusen (2018 R er rekneskapstal):

	2018R	2019	2020	2021	2022	2023
Barnehage	15 296	15 444	15 681	15 126	15 126	15 126
Barneskulen	20 876	21 176	20 984	20 984	20 984	20 984
Ungdomsskulen	10 475	11 442	11 660	11 660	11 660	11 660
Sum barnehage og skule	46 647	48 062	48 325	47 770	47 770	47 770



Budsjettet for 2020 ligg på eit stramt, men forsvarleg nivå. Grunnlaget for budsjettarbeidet er mellom anna lover og forskrifter og Samnanger kommune sin strategiplan for oppvekst.

I strategiplanen for oppvekstsektoren er nokre av måla at barn og unge opplever motivasjon og meistring, at det vert stimulert til kreativitet og at ein styrkar identitet og sosial kompetanse. Vidare er målsettinga livsmeistring, eit godt arbeidsmiljø for alle og fokus på kompetanseutvikling hos dei tilsette. Samnanger kommune har som mål at ein skal vera over snittet i Hordaland på nasjonale prøvar og elevundersøkinga, og ha nulltoleranse mot mobbing.

Målsetjingar for 2020 - 2023

EINING BARNEHAGE

Ny rammeplan vart sett i verk 1. august 2017. «Tid for leik og læring – Betre innhald i barnehagen». Kommunen som barnehageeigar skal framleis leggja til rette for implementering. Rammeplanen vert grunnlaget for kommunen sitt tilsyn med alle barnehagane i kommunen.

Rett til barnehageplass gjeld for barn som fyller 1 år innan utgangen av november det året det vert søkt om barnehageplass.

Pedagognorma seier at barnehagen skal ha minst ein pedagogisk leiar per sju barn under tre år og ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. (Eit barn til utløyser krav om ei ny fulltidsstilling som pedagogisk leiar). Frå 1. august 2019 gjeld ny norm om bemanning. Tettleiken vert ein tilsett per tre barn under tre år og per seks barn over seks år.

Tettleiken i høve til bemanning i barnehagen ligg i dag over kravet. Bakgrunnen for dette er at ein har prioritert planleggingstid for dei pedagogiske leiarane og at ein har lærling. Barnehageåret 2020/21 har ein vald å ikkje ta inn lærling på grunn av økonomi.

Etter §19g i barnehagelova har kommunen plikt til å leggja til rette for barn med nedsett funksjonsevne. Dette er oppmodingar som kommunen kan få frå føresette gjennom barnehageåret og som kan føra til kostnader for kommunen.

Begge assisterande styrarane og dei pedagogiske leiarane i dei kommunale barnehagane i Samnanger har godkjend utdanning. Samnanger kommune har få menn tilsett i barnehagen og er bevisst på dette i rekrutteringsarbeidet.

Samnanger kommune legg til rette for etter- og vidareutdanning og har som mål å halda fram med denne kompetansehevinga. Dette er i tråd med kjerneverdiane kvalitet og framsynt, samt ein del av det lokale nærvervsprosjektet «Nøkkelen? Eg og du» i barnehagane.

EINING BARNESKULEN og SFO (skulefritidsordning)

I St. meld. 21 «Lærelyst –tidleg innsats og kvalitet i skulen» er det tydelege krav og forventingar til styringssignal til kommunane. Kommunen har plikt til å tilby intensiv opplæring i lesing, skriving eller rekning på 1.-4. trinn for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av undervisninga. Midlar som tidlegare var knytt til dette gjennom «Tidleg innsats» vert vidareført, men inngår no til å dekkja kostnadane i samband med ny lærarnorm.

Rektor har levert inn eit budsjett som ligg innanfor ramma.

- Samnanger barneskule har fokus på å auka nærvervsprosenten blant dei tilsette.
- Fagfornynging vil kosta litt og det er viktig med deltaking på etterutdanninga som Udir (Utdanningsdirektoratet) legg opp til, slik at alle pedagogane fyller krava til fagkompetanse innan 2015.
- Ny lærarnorm set krav til ein lærar pr 15 elevar på 1.-4.trinn og ein lærar pr 20 elevar på 5.-7. trinn. Norma fortel kor høg lærartettleiken skal vera på hovudtrinna. Det vil seie at ein ser 1.-4. trinn under eitt og 5.-7. trinn under eitt. Organiseringa av undervisninga er opp til kvar skule. Det kan vera fleire elevar enn 15/20 nokre timar og færre andre timar.
- Det er svært høg bruk av assistentar/fagarbeidarar ved skulen, og noko av dette kan forklarast med henting og bringing til buss, tilsyn i 2 klokketimar av 1.-4.klasse som før var leksehjelp. Tilsyn i friminutta.
- Deling på fleire trinn, noko som aukar vaksentettleiken. Desse vala er gjort ut frå kva ein vurderer som naudsynt for å gje elevane best mogeleg læringsutbytte.
- Leksefri skule - gje elevane vurderingar som fremjar vidare læring, og gjev eit betre læringsutbytte. Organiser det tradisjonelle leksearbeidet på ein måte som gjev auka motivasjon for skulearbeid
- Vidareutvikle inkluderande læringsmiljø og systemretta arbeid innan det psykososiale læringsmiljøet.
- Auka konsulentstilling med 15%.
- SFO skal så langt som mogeleg finansierast etter prinsipp om sjølvkost.
- SFO-leiar har fått auka stillinga med 10%.

EINING UNGDOMSSKULEN

Rektor har levert eit budsjett innfor rammene.

- Ny lærarnorm set krav til ein lærar pr 20 elevar på 8.-10. trinn. Norma fortel kor høg lærartettleiken skal vera på hovudtrinna. Det vil seie at ein ser 8.-10. trinn under eitt. Organiseringa av undervisninga er opp til kvar skule. Det kan vera fleire elevar enn 20 nokre timar og færre andre timar.
- Fagfornynging er sentral og vil ta mykje tid og koste litt ved innføringa.
- Ungdomsskulen ynskjer å vera ein grøn skule.
- Ein jobbar systematisk med eit godt og trygt læringsmiljø forankra i § 9A. Ungdomsskulen har valt MOT som verktøy og det kostar ein del kvart år, men ser ut til å vera eit godt verktøy.
- Ein har valt å dela eit trinn og hausten 2020 er det svært ynskjeleg å dela dei to andre trinna også, då ein ynskjer å driva ei inkluderande undervisning i klasse for alle.
- Etterutdanning er viktig for å nå måla til kompetansekrava innan 2025, og at ein er framsynt ved tilsetjingar.
- Implementering av «Vurdering for læring» – kompetanseheving hos pedagogane, dette for å motivera og auka læringsutbyte for elevane.
- Ynskje om å betra det fysiske utemiljøet og tilhøva i kantina.
- Implementera Visma Flyt Skole som administrasjonsverktøy for skulane.

Samnanger ungdomsskule ligg over norma når det gjeld lærartettleik, men dette vil jamne seg ut hausten 2020 slik det ser ut. På ungdomsskulen er noko av bakgrunnen for at ein ligg over norma at fleire fag krev deling av praktiske årsaker, som kunst & handverk, mat & helse og enkelte kroppsøvingstimar. Men også for at det skal vera pedagogisk forsvarleg ut frå romstorleik og elevmassen. Vidare krev opplæringslova at ein skal tilby fleire valfag pr trinn, dette er også med på å auka timetalet/norma. Ein har i tillegg auka talet delingstimar som eit tiltak for å inkludera fleire i den ordinære undervisninga, og soleis ha som mål å redusera talet på timar til spesialundervisning over tid.

INVESTERINGSTILTAK 2020 - 2023

- Avlaup
- Vatn
- Kommunale vegar mm
- Ferdigstille tiltak som er starta opp eller planlagt i 2018/2019
- Badevik på Bjørkheim
- Brannbil
- Skule: stolar og tavler
- Skifte av økonomi og lønssystem.
- Oppgradere datasystem

Låneopptak 2020

- Nytt lån 14,5 mnok til VA

INVESTERINGAR

Kommunen har gjennomført store investeringar dei siste åra. Sjukeheim, bibliotek og VA-anlegg på Bjørkheim er dei siste som er fullført. I 2019 er det bufelleskap på Skottabakken som er det største prosjektet og vil vere ferdig våren 2020. Lånegjelda til kommunen er høg og større investeringsprosjekt som må lånefinansierast bør vurderast nøye.

I økonomiplanen for 2020—2023 vil hovudfokuset vere å renovere og bygge ut vass- og avløpsanlegget.

Satsing på kommunale vegar som vart lagt inn i økonomiplanen for 2019—2022 vert vidareført.

Prosjekt som er starta opp i 2019 eller som er forseinka vil bli vidareført i 2020.

I 2020 skal kommunen skifte økonomi og lønssystem til Visma.

Kort om investeringstiltaka som skal gjennomførast i 2020 - 2023:

Vatn og avlaup (VA)

VA Tysse har stått for tur lenge. Arbeidet blir prosjektert i 2019 og vil bli delt opp i fleire delprosjekt for å halda tilkomsten mest mogeleg open. Sjøleidningen er gamal og eit alternativ må på plass. Det må og leggest ny vassledning langs Tyssevegen. Kostnad for VA Tysse er estimert til 6 millionar kroner som inkluderer løn til prosjektleiing.

Det er og lagt inn 3 millionar kroner i 2020 til å renovere eldre VA-anlegg. Det største prosjektet i 2020 vil vere å få ny vassledning gjennom Haukanestunellen. Dette vert gjort i samarbeid med Statens vegvesen. For resten av perioden er det lagt inn 4 millionar kroner kvart år. Denne satsinga på VA er heilt nødvendig og kan på kort sikt føre til auka gebyr for innbyggjarane, men vil og føre til at fleire koplpar seg på noko som vil redusere meirkostnaden.

Høgdebassenget i Nordbygda tilfredsstillar ikkje krav frå Mattilsynet. Det har vist seg at det ikkje er mogeleg å nytta eksisterande basseng og nytt basseng med litt endra plassering vert bygd i 2020. Veggen opp til bassenget vart bygd i 2019.

Det er krav om at kommunen skal ha reservevassforsyning for Myra vassverk. Dette er planlagt gjort i 2020 og estimert til 3 millionar kroner.

Kommunale vegar

ROS-analyse ligg til grunn for kva som er prioritert. Sikring av bru på Jarland var planlagt i 2019, men dei er avhengig av låg vassføring for å gjera arbeidet og det vil mest sannsynleg først bli gjort i 2020. Det er lagt inn 1 million kroner til renovering av vegar i økonomiplanperioden. Skifte til LED-lys på kommunale vegar er lagt inn med kr 200 000 i heile økonomiplanperioden. Dette vil og på sikt gje lågare utgifter til straum.

Trafikksikringstiltak og andre tiltak veg

Gangsti til Hagabotnane er 2. prioritet i Trafikksikringsplanen. Den har og høg folkehelsegevinst. Arbeidet var planlagt i 2019, men er forsinka og vil bli gjort i 2020. Det er sett av kr 500 000 til å få stien realisert med fast dekke og lys frå Steinsland/Gjerde til Hagabotnane. Det vert og søkt om tilskot frå fylket/organisasjonar/bedrifter.

Omlagging av kryss og busstopp på Ådland er 1. prioritet i Trafikksikringsplanen. Arbeidet skal planleggast saman med fylkeskommunen, mest sannsynleg i 2021. Totalkostnad er stipulert til kr 500 000 og me reknar med å få Trafikksikringstilskot frå fylket/vegvesen til deler av kostnaden.

Det er og lagt inn midlar til merking og skilting av vegar mm i 2020.

Kommunale bygg

Skottabakken skal ferdigstillast i 2020. Forseinkinga gjer at kommunen vil få ekstra kostnader til byggjeleing på kr 200 000. Det er framleis nokre punkt som er uavklart i prosjektet.

Kommunestyret løyvde i sak 33/19 1 million kroner til vedlikehald av bygg. Løyvinga er fordelt mellom drift og investering og kr 600 000 vil bli ført i investering.

Skifte av økonomi- og lønssystem

Kommunen skal i mai 2020 skifte økonomi og lønssystem. Det er inngått avtale med Visma som er det same systemet som vert brukt av kommunane i IKT-Norhordland. Dette er eit krevjande arbeid og vil måtte skje i tillegg til at den daglege drifta skal gå som vanleg. Kostnad er estimert til kr 1 799 500. Arbeidet er så smått starta opp.

Andre tiltak

Sosio systemet vert brukt av NAV-kommune og vert nytta til handsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp. For at dette skal kunne gjerast digitalt må systemet oppgraderast med fleire modular. Kostand kr 130 000

Justeringsrett momskompensasjon bibliotek i samsvar med Kommunestyrevedtak. Dette er ikkje ein kostnad for kommunen.

Ras- og flaumsikring Reistad har vore ute på anbod. Arbeidet startar opp i 2019 og vert ferdig i 2020.

Begge skulane har behov for å auke opp tal stolar, i tillegg til at nokre må skiftast ut. Dei ønsker og å skifte ut/ kjøpe fleire tavler til klasserom. Dette er budsjettert samla for skulane og dei skal i fellesskap saman med rådgjevar disponera midlane på best mogeleg måte. Det er lagt inn kr 120 000 til stolar og kr 140 000 til tavler. Begge tiltaka er finansiert med fond.

Disponering av arv til Samnangerheimen: Huset som Samnangerheimen arva vart selt for 3 millionar kroner. Kommunestyret har vedtatt at det skal brukast inntil kr 375 000 årleg og at det om nødvendig kan overførast midlar mellom år. Eininga bestemmer sjølv korleis midlane skal disponerast, men det må vera investeringstiltak.

BOF (Bergen og Omland Friluftsråd) badevik på Bjørkheim

Oppgradering av badevika på Bjørkheim skal bli finansiert med tippemidlar, tilskot frå staten og bruk av fond. Totalkostnad på anlegget er estimert til 2 millionar kroner og er ført opp att i budsjettet i 2020.

Brannbil

Brannbilen har kjørt over 400 000 km og det er store årlege utgifter til vedlikehald. Det er lang leveringstid på brannbil og den kan tidlegast vere på plass i 2021. Estimert pris er kr 3 500 000. Kommunen vil søke vegvesenet om tilskot til bilen for å oppretthalde beredskapen i Tyssetunnelen. Avtalen kommunen har i dag går ut i 2021. Det må gjerast vedtak om kjøp i budsjett 2020.

KLP eigenkapitaltilskot

Eigenkapitaltilskot vert ført i investering og kan anten finansierast med overføring frå drift eller bruk av ubunde investeringsfond. Me har i økonomiplanperioden finansiert tilskotet med bruk av fond.

Startlån/ forvaltningslån

Innbetaling og avdrag på startlån vert ført i investering og vert betalt av lånetakar. Kommunen tok sist opp lån i 2018 på 2 millionar kroner og har pr oktober 2019 ca 2,3 millionar kroner som ikkje er lånt ut. Det er ikkje budsjettert med låneopptak i 2020.

Tippemidlar til krøllgrasbana og friidrettsbana

Søknad om tippemidlar til krøllgrasbana er godkjent og kommunen har fått utbetalt 1,2 millionar kroner i 2018 og 1,3 millionar kroner i 2019.

Det er og søkt om tippemidlar til friidrettsbana på 1,056 millionar kroner, men kommunen har ikkje fått tildelt noko endå. Søknadane er godkjent og kommunen kjem til å få midlar. Utbetaling er lagt inn i økonomiplanen i 2020. Mottatte tippemidlar vert sett av til nytt ubunde investeringsfond jfr vedtak om lån frå fondet.

Oversikt over investeringar i budsjettframlegget i heile tusen:

Tiltak	2020	2021	2022	2023	Finansiering	Merknad
KS 39/18 Bufellesskap	18 236	0	0	0	Lån, moms og tilskot	Oppstart i 2018
Skottabakken inventar og utstyr	250	0	0	0	Fond og moms	
Skottabakken - auka utgift til byggeleiing	250	0	0	0	Fond og moms	
KS 39/18 Ras- og flaumsikring	2 500	0	0	0	Lån og moms	Overført frå 2019
KS 35/17 justeringsrett bibliotek	154	154	154	154	Moms	
KS33/19 auka ramme til vedlikehald	750	0	0	0	Fond og moms	
VA Tysse	6 000	0	0	0	Lån	Oppstart i 2019
VA renovering	3 000	4 000	4 000	4 000	Lån	Overført til 2020
Høgdebasseng Nordbygda	2 500	0	0	0	Lån	Oppstart i 2019
Reservevassforsyning til Myra	3 000	0	0	0	Lån	
Renovering av kommunale vegar	1 250	1 250	1 250	1 250	Lån, fond og moms	
Bruer - sikring Jarland	688	0	0	0	Fond og moms	overført frå 2019
Brøyteutstyr	0	0	0	0		
Veg - adressering, skilt og merking	513	0	0	0	Fond og moms	
Veg - skifte til LED-lys på kommunale vegar	250	250	250	250	Fond og moms	
Årland - nytt kryss	0	625	0	0	Lån, tilskot og moms	
Gangsti til Hagabotnane	625	0	0	0	Fond, moms og tilskot	Overført frå 2019
Skifte løn- og økonomisystem	2 087	0	0	0	Fond og moms	
Oppgradere Sosiosystemet	163	0	0	0	Fond og moms	
Samnangerheimen - bruk av arv	469	469	469	469	Fond og moms	
BOF - badevik på Bjørkheim	2 500	0	0	0	Fond, tilskot og moms	
Skule - nye stolar	150	0	0	0	Fond og moms	
Skule - nye tavler	175	0	0	0	Fond og moms	
Brannbil	0	4 375	0	0	Lån, moms og tilskot	
Sum investering i bygg og anlegg	45 508	11 123	6 123	6 123		
Avsett til fond tilbakebetalt forskottering tippemidlar	1 056	0	0	0		
KLP eigenkapitaltilskot	589	589	589	589	Fond	
Avdrag startlån	270	274	235	210		
Nytt startlån	0	0	0	0	Lån	
Sum andre investeringstiltak	1 915	863	824	799		
Sum investering	47 423	11 986	6 947	6 922		

Summane inkluderer moms med unntak av VA som høyrer inn under MVA-området.

Finansiert med :	2020	2021	2022	2023
- Fond ubunde investeringsfond	-6 533	-789	-789	-789
- Fond Samnangerheimen	-375	-375	-375	-375
- Næringsfondet	0	0	0	0
- Fond Sima-Samnanger	-345	0	0	0
- Disposisjonsfondet	0	0	0	0
Sum Fond	-7 254	-1 164	-1 164	-1 164
- Lån tatt opp tidlegare	-8 200	0	0	0
- Nye lån inkl startlån	-14 500	-7 800	-5 000	-5 000
sum lån	-22 700	-7 800	-5 000	-5 000
- Tilskot (Husbank, tippemidler, mm)	-13 142	-1 200	0	0
Sum tilskot	-13 142	-1 200	0	0
- Sal	0	0	0	0
- Momskompensasjon	-4 058	-1 548	-548	-548
- Tilbakebetalt forskottering	0	0	0	0
- avdrag startlån	-270	-274	-235	-210
Sum annet	-4 328	-1 822	-783	-758
Sum finansiering	-47 423	-11 986	-6 947	-6 922



Kommunane i Hordaland og
Sogn og Fjordane

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

STATSBUDSJETTET 2020 – KOMMUNEOPPLEGGET

I dag presenterer regjeringa framlegg til statsbudsjett for 2020. Fylkesmannen vil her gi eit samandrag som kan vera nyttig for kommunane i samband med budsjettarbeidet i haust.

Det er ein pårekna prosentvekst frå 2019 til 2020 i frie inntekter for kommunane samla i Vestland som er lik den pårekna prosentveksten for kommunane samla i landet. Pårekna vekst frå 2019 til 2020 er 2,2 prosent både for kommunane i Vestland samla og for kommunane i landet samla. Frå 2020 blir det 43 kommunar i Vestland. 23 kommunar ligg likt eller over landsgjennomsnittet, medan 20 kommunar ligg under.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Vi tek i innleiinga med endringar i kommuneøkonomien for inneverande år.

Det økonomiske opplegget for 2019

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år på 1,2 prosent.

Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med kr 4,2 mrd. samla for kommunane i landet frå nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med det justert opp frå 1,2 prosent til 3,8 prosent, ut frå faktisk innkomen skatt i 2018.

Bakgrunnen for høgare skattevekst for kommunane er større vekst i sysselsetjinga og at utbytte til personlege skattytarar er på eit høgt nivå også for skatteåret 2018.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane var i revidert nasjonalbudsjett 3,0 prosent. På-rekna lønsvekst var 3,2 prosent i revidert nasjonalbudsjett. Den pårekna pris- og kostnadsveksten i kommunane for i år er uendra samanlikna med revidert nasjonalbudsjett.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2020

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2019 til 2020 med 2,1 prosent. På-rekna skatteinntekter i 2020 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (1,0 prosent) og lønsvekst (3,6 prosent).

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir justert frå 11,55 prosent i 2019 til 11,10 prosent i 2020.



Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vera om lag 40 prosent også for 2020.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane – kommunal deflator – er i framlegget 3,1 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

- | | | |
|---------------------|-----|---------|
| - Lønsvekst | 3,6 | prosent |
| - Varer og tenester | 2,2 | prosent |
| - Samla prisvekst | 3,1 | prosent |

Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2019 til 2020 med 1,3 mrd. Heile veksten går til primærkommunane. Veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna meirskatt etter dette, kr 4,2 mrd., er med andre ord ikkje med i samanlikningsgrunnlaget frå i år.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2019 til 2020 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Pårekna meirutgifter for primærkommunane i 2020 knytte til den demografiske utviklinga er kr 1,3 mrd. , for tenester som må bli finansierte av dei frie inntektene.

Meirutgiftene – finansierte av dei frie inntektene – knytte til demografi for kommunesektoren samla er lågare enn dette. Det skuldast at demografiutgiftene for fylkeskommunane er pårekna å bli reduserte frå 2019 til 2020 med kr 0,4 mrd. på bakgrunn av nedgang i aldersgruppa 16–18 år.

Det er rekna med at pensjonskostnadene vil gå ned med om lag kr 450 mill. for kommunesektoren i 2020. Også dette er i 2019-kroner. Det er stor uvisse knytt til overslaget. Det kan bli fordelt med om lag 90 prosent på primærkommunane og om lag 10 prosent på fylkeskommunane.

For primærkommunane er pårekna vekst i frie inntekter på same nivå som den delen av pårekna meirutgifter til demografi som må bli finansierte av dei frie inntektene, kr 1,3 mrd. Lågare pensjonskostnader frigjer midlar til andre satsingar.

Det er lagt til grunn at veksten i dei frie inntektene i 2020 skal gi rom for å styrka tidleg innsats i skulen (kr 400 mill.) og opptrapping av satsinga på rusomsorg (kr 150 mill.).

Frie inntekter – skatt og rammeoverføring – på kvar kommune

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2020. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabellen byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2018. Dette grunnlaget er justert opp i samsvar med pårekna samla skattevekst i 2019 og 2020.

I berekning av skatteprognose for 2020 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskapen 2018 for alle kommunane, uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2018. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justera for lokale tilhøve i budsjetteringa av skatt for 2020.

Veksten i frie inntekter vil variera mellom kommunane. Årsaker er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt frå år til år :

- endringar i inntektssystemet
- endringar i folketalet og alderssamansetjing
- endring i andre kriteriedata
- endring i fordelinga av skjønstilskot



- endring i veksttilskot
- endring i distrikttilskot eller småkommunetillegg
- endringar i skattegrunnlaget

Priskompensasjon frå 2019 til 2020 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene i vedlagt tabell.

Det er som nemnd rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på lands-basis frå 2019 til 2020 med 2,2 prosent. Denne veksten er rekna i høve til pårekna inntektsnivå i år, medrekna oppjusteringa av skatteinntektene. Den pårekna veksten for kommunane samla i Vestland er også 2,2 prosent.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigererte for dette i vedlagt tabell, slik at kompensasjon i denne samanheng ikkje inngår i prosentveksten.

Dette vil også omfatta innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet. Det er dessutan også teke omsyn til grensejusteringar i berekninga av vekst.

Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet

Det er framlegg om å innlemma fleire øyremerkte tilskot i rammetilskotet for 2020. Dei største tilskota er :

- tilskot til psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene
- tilskot til dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens
- tilskot til etablering og tilpassing av eigen bustad
- tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsetning på 1.–10. trinn

Det sistnemnde tilskotet blir gitt ei særskilt fordeling innafor rammetilskotet i 2020.

Aktuelle saker

Psykologar i kommunane

Frå 1. januar 2020 er det lovfesta at alle kommunar skal ha psykologkompetanse.

Opptrappingsplan for rus

Det er opptrappingsplan for rus med auka løyvingar til området i perioden 2016–2020. Satsinga har i hovudsak kome ved at ein del av veksten i dei frie inntektene er grunngitt med satsinga på rus-omsorg.

For 2020 er kr 150 mill. av veksten i dei frie inntektene grunngitt med satsinga. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntektssystemet.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunngitt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2019 til 2020, med priskompensasjon. For 2020 er rammetilskotet knytt til føre-målet kr 904,6 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100.000,- per kommune.

Dagtilbod til demente

Kommunane vil frå 1. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens.

Tilskot til frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet frå og med 2017. Totalt kr 200,2 mill. blir gitt med særskilt fordeling i 2020 i rammetilskotet, med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.



Det blir teke omsyn til etablering og avvikling av frivilligsentralar. Tilskot til frivilligsentralar vil bli fordelt etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet frå og med 2021.

Sjueheimsplassar og omsorgsbustader

For 2019 gir tilsegnsskema, etter vedtak om utviding i revidert nasjonalbudsjett, grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2400 plassar med heildøgnsomsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjueheimsplassar. For 2020 er det framlegg om ei tilsegnsskema som vil gi grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2000 einingar.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming.

Stortinget har vedteke ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det frå 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar som gir netto auke i det samla talet på plassar i kommunen. Halvparten av plassane for 2020 er netto nye og halvparten rehabiliterte.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2020 vil vera basert på direkte løns-utgifter i 2019 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2020:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslags-nivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,270 mill. til kr 1,361 mill. for netto utgifter i 2019. Det inneber ein auke på kr 50.000,- utover justering for pårekna lønsvest i 2019 (3,2 prosent).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2020 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2019. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapa for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Kompensasjon for endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar

Med verknad frå 1. januar 2018 vart det gjennomført endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar. I revidert nasjonalbudsjett for 2019 vart kommunane kompenserte for ein auke i pårekna meirutgifter til økonomisk sosialhjelp i 2019 som følgje av endringane. Kompensasjonen vart gitt med ein auke i rammetilskotet på kr 90 mill.

Det er lagt opp til å vidareføra denne kompensasjonen i 2020.

Lærarnorm

Kr 400 mill. av veksten i dei frie inntektene for 2020 er grunngitt med tidleg innsats i skulen, 1.–10. trinn. Desse midlane blir i 2020 fordelte etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule.

Det er framlegg om å innlemma i rammetilskotet kr 1.316,8 mill. av det øyremerkte tilskotet frå kapittel 226 post 63, som er til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.–10. trinn. Det øyremerkte tilskotet er i 2019 om lag kr 1,7 mrd. for kommunane.

Desse midlane blir i 2020 fordelte særskilt i rammetilskotet, med om lag same fordeling som i 2019 når dei var øyremerkte. Fordelinga mellom kommunane er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Frå 2021 vil



midlane bli fordelte etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet, det vil seie etter del-kostnadsnøkkelen for grunnskule.

Overføring av ansvaret for skatteinnkrevjing

Det er framlegg om å overføra ansvaret for skatteinnkrevjing frå kommunane til Skatteetaten frå 1. juni 2020. Det er difor lagt opp til å redusera rammetilskotet i 2020 med kr 644,4 mill. Dette utgjer 7/12 av verknaden for eit heilt år (rekna til kr 1105 mill.).

Kommunereform

Inndelingstilskot

Årlege inndelingstilskot vil erstatta bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommune-tillegg eller reduksjon i distriktstilskot som følgje av samanslåing. Den nye kommunen vil ta imot fullt inndelingstilskot i femten år etter samanslåing, før tilskotet deretter blir trappa ned over fem år. Tilskot blir tillagt årleg priskompensasjon.

For allereie vedtekne samanslåingar i kommunereform 2014–2017 vil det årlege inndelingstilskotet, som blir utbetalt frå og med iverksetjing av samanslåing i 2020, vera basert på inntektssystemet i 2016. Det vil seia at det er basert på inntektssystemet før endringane i 2017. Basistilskotet i 2016 var kr 13,2 mill. per kommune. For nye samanslåingar vil inndelingstilskotet bli berekna på grunnlag av inntektssystemet i det året samanslåinga trer i kraft.

Fordelinga av inndelingstilskotet i 2020 mellom nye kommunar er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell.

Regionsentertilskot

Det er lagt opp til å vidareføra regionsentertilskotet. Vilkåret er at ny kommune får over om lag 8.000 innbyggjarar.

Tilskotet blir fordelt delvis med ein lik sats per innbyggjar (i 2020 kr 68,-) og delvis med ein lik sats per samanslåing (i 2020 kr 3,256 mill.). Satsane er prisjusterte frå 2019 til 2020. Det er lagt til grunn innbyggjartal frå 1. januar 2019.

Vi viser til informasjon om eingongstilskot i kommunesamanslåingar i vårt brev av 24. mai d.å. om kommuneproposisjonen.

Andre tilskotsordningar i kommunesamanslåingar er støtte til utgreiingar etter ein modell frå departementet, og støtte til informasjon og folkehøyring.

Inntektssystemet i 2020

Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennom-snittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjonen – for kommunar med lågt skattenivå – er 35 prosent av det skattenivået er under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntektssystem.

Overgangsordninga INGAR

Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn eit fastsett beløp per innbyggjar (grenseverdien) frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon er no kr 400,- per innbyggjar. Det vil m.a.o. vera den delen av utviklinga i rammetilskot frå det eine året til det neste året som er meir enn kr 400,- per innbyggjar svakare enn landsgjennomsnittet, som blir kompensert.

INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot.



INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerkte tilskot i ramme-overføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre og personar med psykisk utviklingshemming), bortfall av småkommunetillegg og nedgang eller bortfall av distriktstilskot.

Teljetidspunkt

For 2020 gjeld folketal per 1. juli 2019 for innbyggjartilskotet (medrekna overgangsordninga INGAR) og kriteria for aldersgrupper i utgiftsutjamninga. Andre kriteriedata i utgiftsutjamninga er frå 1. januar 2019. Oppdatering av folketal i inntektsutjamninga blir vi dareført med teljedato 1. januar i sjølve budsjettåret.

Veksttilskot

Veksttilskotet blir gitt til kommunar som har hatt ein årleg befolkningsvekst dei siste tre åra høgare enn ei vekstgrense i prosent (gjennomsnitt per år). I 2020 blir vekstgrensa ført vidare med 1,4 prosent.

Veksttilskotet blir gitt med eit fastsett beløp per innbyggjar utover vekstgrensa, i 2020 kr 60.615,-.

Distriktstilskot utanom småkommunetillegg

Distriktstilskotet skal ivareta kommunar i Sør-Noreg med svak samfunnsutvikling. Det blir gitt til kommunar som har ein distriktsindeks på 46 eller lågare.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Den eine delen av tilskotet blir gitt med ein sats per kommune, og den andre delen av tilskotet blir gitt med ein sats per innbyggjar. Begge delane av tilskotet blir gradert på grunnlag av distrikts-indeksen slik at lågare indeks gir større tilskot.

Småkommunetillegg

Småkommunetillegget blir gitt til kommunar med under 3.200 innbyggjarar. Tilskotet er frå og med 2017 gradert på grunnlag av distriktsindeks. Jo høgare distriktsindeks, jo større trekk i høve til fullt tilskot (opp til 50 prosent). Dei kommunane som har lågast indeks får ikkje noko trekk i høve til fullt tilskot.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Distriktsindeks

Departementet legg opp til at den same distriktsindeksen som blei brukt i inntektssystemet for 2019, også blir brukt ved fordelinga av distriktstilskot og småkommunetillegg i 2020. Han er berre opp-datert med nye tal.

Distriktsindeks for nye kommunar er utrekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksen for dei tidlegare kommunane.

Departementet vurderer indeksen og ser dette i samanheng med distriktstilskot, medrekna småkommunetillegget. Departementet vil kome attende til dette i kommuneproposisjonen for 2021.

Utgiftsbehov

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane få full kompensasjon for skilnader i kostnader som dei ikkje sjølve kan påverka. Grunnlaget for omfordelinga i utgiftsutjamninga er utgiftsbehovet per innbyggjar for landsgjennomsnittet og for den einskilde kommunen.

Skjønstilskot

- a) Fylkesmannen sine ordinære skjønsmidlar for 2020.



Basisramma for fylkesmennene sitt samla skjønstilskot i landet blir redusert med kr 50 mill. frå 2019 til 2020, til kr 950 mill. i 2020. For Vestland blir basisramma redusert frå kr 168,3 mill. i 2019 til kr 163,0 mill. i 2020.

For kommunesamanslåingar i Vestland er skjønstilskot for 2020 vidareført med same nominelle beløp som kommunane i samanslåinga fekk samla i skjønstilskot for 2019.

Ein del av skjønssamma for 2020 vil først bli fordelt mellom kommunane i budsjettåret 2020. Vi vil i denne samanhengen blant anna vurdera utilsikta negative verknader på rammetilskotet som følgje av kommunesamanslåing. Departementet reknar ikkje endringar i inntektsutjamninga knytte til kommunesamanslåing som utilsikta verknader.

Fordelinga av skjønstilskot for 2020 er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Vi viser til vår nettside der det er lagt ut meir informasjon om fordelinga av skjønstilskot mellom kommunane.

b) Departementet sine skjønsmidlar for 2020.

Departementet vil ha ein reserve av skjønsmidlar på kr 120 mill. for 2020. Desse midlane kan mellom anna nyttast til å gi kompensasjon for reduksjon i veksttilskot som følgje av kommunesamanslåing.

Berekningsgrunnlaget for kompensasjon i 2020 vil vera reduksjonen i veksttilskot frå det kommunane samla ville fått i veksttilskot dersom dei framleis var kvar for seg, til det den nye kommunen faktisk får i veksttilskot.

Kompensasjonen i 2020 vil vera 80 prosent av dette berekningsgrunnlaget. I 2021 vil det same berekningsgrunnlaget som for 2020 bli nytta. Kompensasjonen i 2021 vil vera 40 prosent av dette berekningsgrunnlaget. Kompensasjonen blir teke heilt bort i 2022.

Denne kompensasjonen inngår ikkje i tala for rammetilskot i statsbudsjettet. Kompensasjonen kjem med andre ord som eit tillegg til tala for rammetilskot i vedlagt tabell og det som går fram av «Grønt hefte». Departementet legg opp til ei eingongsutbetaling av kompensasjonen tidleg i 2020.

Eigedomsskatt

Det er vedteke for 2020 at maksimal skattesats for eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar blir redusert frå sju til fem promille. Det er også vedteke for 2020 at obligatorisk reduksjonsfaktor i eigedomsskattetaksten blir auka frå 20 til 30 prosent for bustad- og fritidseigedomar.

Det er framlegg for 2021 at maksimal skattesats for eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar blir redusert ytterlegare frå fem til fire promille.

I statsbudsjettet for 2019 vart det sett av kr 71 mill. til kompensasjon for kommunar som får reduserte inntekter som følgje av at dei ikkje lenger kan krevje eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar. Denne kompensasjonen er i 2019 gitt som skjønstilskot frå departementet.

I 2020 vil den samla kompensasjonen for dette inntektstapet bli auka til kr 143 mill. (2/7 av kr 500 mill.). Kompensasjonen er rekna for 2020 som inntektsbortfall (2/7 av full verknad) utover om lag kr 32,- per innbyggjar. For 2020 vil denne kompensasjonen bli flytta over frå skjønstilskot til særskilt fordeling i det ordinære rammetilskotet (innbyggjartilskotet).

Harmonisering av eigedomsskatt ved kommunesamanslåing

Regjeringa føreslår ei overgangsordning i eigedomsskattelova for eigedomsskatt ved kommunesamanslåing. Det vil leggja til rette for harmonisering av eigedomsskatten i ny kommune.

Det er framlegg om ein overgangsperiode på tre år. I denne overgangsperioden kan kommunane auka



satsane med inntil ei promilleeining per år på bustad og fritidseigedomar og to promille-einingar per år for næringsseigedom.

I overgangsperioden kan ulike delar av den nye kommunen ha ulike skattesatsar for eigedomsskatt på same type eigedom. Overgangsperioden skal nyttast til å harmonisera eigedomsskatten i den nye kommunen.

Det er valfritt om kommunen startar samordning det første eller andre året etter samanslåing. Dersom kommunane vel å utsetje oppstart av overgangsperioden, vil tilhøva med omsyn til eigedomsskatt vera uendra det første året etter samanslåing. Dette vil til dømes gi meir tid til å gjennomføra ei taksering.

Nye reglar vil tre i kraft frå og med eigedomsskatteåret 2020. Departementet vil gi nærare informasjon i brev.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Dersom det er spørsmål til innhaldet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005) eller Kåre Træen (57643004) hjå Fylkesmannen.

Dokumentet er elektronisk godkjent

Budsjettskjema 1 A drift	Rekenskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Rammetilskudd	-87 660	-85 532	-89 859	-89 458	-89 458	-89 458
Inntekts- og formuesskatt	-60 027	-66 592	-66 007	-66 007	-66 007	-66 007
Eiendomsskatt	-12 280	-12 421	-13 866	-15 342	-15 457	-15 577
Andre generelle driftsinntekter	-13 395	-8 379	-10 211	-7 634	-8 985	-7 322
SUM GENERELLE DRIFTSINTEKTER	-173 363	-172 924	-179 943	-178 441	-179 907	-178 365
Sum bevilgninger drift, netto	158 163	156 992	164 810	164 426	165 152	163 696
Avskrivninger	13 293	13 352	13 454	14 760	14 860	14 960
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	172 187	171 060	178 264	179 186	180 012	178 656
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-1 176	-1 865	-1 679	744	105	291
Renteinntekter	-445	-508	-508	-508	-508	-508
Utbytter	-168	-168	-220	-220	-220	-220
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-3	0	0	0	0	0
Renteutgifter	4 280	4 749	5 959	5 883	5 696	5 533
Avdrag på lån	8 395	8 270	7 951	9 324	9 758	10 122
NETTO FINANSUTGIFTER	12 059	12 343	13 182	14 479	14 726	14 927
Motpost avskrivninger	-13 293	-13 352	-13 454	-14 760	-14 860	-14 960
NETTO DRIFTSRESULTAT	-2 410	-2 874	-1 951	463	-29	259
Overføring til investering	158	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne fond	-60	-1 707	-1 849	-828	-1 179	-243
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	1 791	5 296	3 800	365	1 208	-16
Sum disponering eller dekning av netto driftsresultat	1 890	3 589	1 951	-463	29	-259
Overskot (-) / underskot	-1 260	0	0	0	0	0

Beskrivelse	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Rammetilskudd	-87 660	-85 532	-89 859	-89 458	-89 458	-89 458
Innteks- og formuesskatt	-60 027	-66 592	-66 007	-66 007	-66 007	-66 007
Eiendomsskatt	-12 280	-12 421	-13 866	-15 342	-15 457	-15 577
Andre skatteinntekter	-6 408	-5 249	-6 408	-6 408	-6 408	-6 408
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-6 988	-3 130	-3 803	-1 225	-2 576	-914
Overføringer og tilskudd fra andre	-27 555	-16 148	-14 377	-13 927	-13 902	-13 902
Brukerbetalinger	-7 723	-7 396	-8 201	-8 201	-8 201	-8 201
Salgs- og leieinntekter	-20 486	-20 892	-24 130	-23 623	-24 123	-25 123
SUM DRIFTSINNEKTER	-229 127	-217 360	-226 651	-224 192	-226 133	-225 591
Lønnsutgifter	116 568	108 237	116 728	115 384	115 374	115 386
Sosiale utgifter	30 454	30 826	29 909	32 312	33 201	33 832
Kjøp av varer og tjenester	54 576	53 559	53 691	51 340	51 689	50 592
Overføringer og tilskudd til andre	12 328	8 806	11 190	11 139	11 113	11 112
Avskrivninger	13 293	13 352	13 454	14 760	14 860	14 960
SUM DRIFTSUTGIFTER	227 219	214 780	224 972	224 935	226 235	225 882
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-1 908	- 2 580	-1 679	744	105	291
Renteinntekter	-445	-508	-508	-508	-508	-508
Utbytter	-168	-168	-220	-220	-220	-220
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-3	0	0	0	0	0
Renteutgifter	4 280	4 749	5 959	5 883	5 696	5 533
Avdrag på lån	8 395	8 270	7 951	9 324	9 758	10 122
NETTO FINANSUTGIFTER	12 059	12 343	13 182	14 479	14 726	14 927
Motpost avskrivninger	-13 293	-13 352	-13 454	-14 760	-14 860	-14 960
NETTO DRIFTSRESULTAT	-3 142	-3 589	-1 951	463	-29	259
Disponering eller dekning av netto driftsresultat	-9					
Overføring til investering	158	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-60	-1 707	-1 849	-828	-1 179	-243
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond og bærekraft. fond	1 791	5 296	3 800	365	1 208	-16
Dekning av tidlegare års meirforbruk						
Sun disponering eller dekning av netto driftsresultat	1 880	3 589	1 951	-463	29	-259
Overskot (-)	- 1262	0	0	0	0	0
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	1,37 %	1,65 %	0,86 %	-0,21 %	0,01 %	-0,11 %

Økonomisk oversikt investering	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Salg av driftsmidler og fast eiendom	-4 207	-3 800	0	0	0	0
Andre salgsinntekter	0	0	0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	-262	-1 400	-1 600	-200	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	-2 482	-11 235	-4 058	-1 548	-548	-548
Statlige overføringer	-1 200	-1 300	-11 542	-1 000	0	0
Andre overføringer	-250	0	0	0	0	0
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0	0	0	0
SUM INNTEKTER (L)	-8 402	-17 735	-17 200	-2 748	-548	-548
Lønnsutgifter	339	517	250	0	0	0
Sosiale utgifter	96	179	90	0	0	0
Kjøp av varer og tenester	8 871	51 118	30 471	9 421	5 421	5 421
Overføringer	2 790	11 389	4 212	1 702	702	702
Renteutg, provisjoner og andre finansutg	0	500	0	0	0	0
SUM UTGIFTER (M)	12 096	63 704	35 022	11 123	6 123	6 123
Avdragsutgifter	211	267	10 486	0	0	0
Utlån	23 625	23 250	0	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	632	691	589	589	589	589
Avsetning til ubundne investeringsfond	6 697	6 698	0	0	0	0
Avsetninger til bundne fond	340	0	0	0	0	0
SUM FINANSIERINGSTRANSAKSJONER (N)	31 505	30 906	11 075	589	589	589
FINANSIERINGSBEHOV (O = M+N-L)	35 199	76 874	28 898	8 964	6 164	6 164
Bruk av lån	-7 269	-47 507	-22 700	-7 800	-5 000	-5 000
Mottatte avdrag på utlån	-25 211	-25 267	0	0	0	0
Overføringer fra driftsregnskapet	-158	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	-1 060	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	0	-375	-375	-375	-375	-375
Bruk av ubundne investeringsfond	-2 562	-2 665	-6 879	-789	-789	-789
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
SUM FINANSIERING (R)	-35 199	-76 874	-29 954	-8 964	-6 164	-6 164
UDEKKET/UDISPONERT (S = O-R)	0	0	0	0	0	0

Netto driftsutgifter						
Oversikt netto driftsutgifter i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2020 - 2023						
Alle tal er i 1 000 kroner. R = rekneskap B = budsjett						
	2018 R	2019 B	2020 B	2021 B	2022 B	2022 B
Rådmannskontoret	7 328	8 390	9 454	9 120	9 120	9 120
Næring inkl konsesjonskraft	-5 370	-4 901	-5 899	-4 899	-4 899	-5 399
Barnevern	5 425	5 868	5 455	5 455	5 455	5 455
Rådgjevar *	11 353	11 093	13 786	13 509	13 321	12 876
Sum Rådmann	18 735	20 450	22 796	23 185	22 997	22 052
Politisk nivå og revisjon	2 594	2 744	2 717	2 791	2 717	2 791
Teknisk adm.	916	398	538	538	538	538
Teknisk forvaltning	7 358	8 339	8 965	9 045	9 045	9 105
Teknisk drift	13 812	11 854	12 588	12 148	12 024	11 905
Eining for samfunn og utvikling	22 086	20 592	22 091	21 731	21 607	21 548
Sørvissenter	2 422	2 699	2 451	2 451	2 451	2 451
Kultur	6 533	6 965	7 241	7 164	7 164	7 164
Nav	6 863	5 235	5 082	3 733	3 733	3 733
Eining for innbyggarservice	15 818	14 898	14 773	13 348	13 348	13 348
Eining for helse	11 908	11 281	12 470	12 609	12 609	12 609
Pleie og omsorg adm.	486	70	442	442	442	442
Heimetenesta	14 569	14 744	15 715	15 715	15 715	15 715
Funksjonshemma	10 330	9 544	10 677	10 712	10 712	10 712
Samnangerheimen	21 658	20 934	23 416	23 976	23 976	23 976
Eining pleie og omsorg	47 042	45 291	50 251	50 846	50 846	50 846
Eining for barnehage	15 296	15 444	15 681	15 126	15 126	15 126
Eining for barneskule og SFO	20 876	21 176	20 984	20 984	20 984	20 984
Eining for ungdomsskule	10 475	11 442	11 660	11 660	11 660	11 660
Sum einingar	164 831	163 318	173 422	172 279	171 894	170 963
Sum finans	-164 831	-163 318	-173 422	-172 279	-171 894	-170 963

diff

0 0 0 0 0 0

Investeringsbudsjett detaljert (tal i heile tusen)		Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
1210	Felles IKT						
1205	Felles IKT						
0.0300	Ekstrahjelp	0	0	250	0	0	0
0.0400	Overtid	0	22	0	0	0	0
0.0900	Pensjonsinnskot	0	0	48	0	0	0
0.0990	Arbeidsgjevaravgift	0	3	42	0	0	0
0.1954	Gebyrer og lisensar	0	0	310	0	0	0
0.2004	Datautstyr	0	700	0	0	0	0
0.2700	Konsulenttenester	0	335	1 150	0	0	0
0.4290	Betalt mva	0	0	288	0	0	0
0.9400	Bruk av disposisjonsfond	0	-1 060	0	0	0	0
0.9404	Bruk av ubunde inv. fond	0	0	-1 800	0	0	0
	Netto Felles IKT	0	0	288	0	0	0

1225	Politisk nivå og revisjon						
1205	Felles IKT						
0.2004	Datautstyr	0	154	0	0	0	0
0.9480	Bruk av ubundne kapitalfond	0	-154	0	0	0	0
	Netto Politisk nivå og revisjon	0	0	0	0	0	0

1400	Næringsføremål						
2852	Forskottering						
0.5201	Forskottering Tyssetunellen	23 250	23 250	0	0	0	0
0.5480	Avsett ubundne kapitalfond	1 750	1 750	0	0	0	0
0.9203	Tilbakebetalt forskottering Tyssetunell	-25 000	-25 000	0	0	0	0
	Netto Forskottering	0	0	0	0	0	0

2000	Skule og barnehage, felles						
2020	Skuleadministrasjon						
0.2000	Inventar	0	0	120	0	0	0
0.4290	Betalt mva	0	0	30	0	0	0
0.9404	Bruk av ubunde inv. fond	0	0	-120	0	0	0
	Netto Skuleadministrasjon	0	0	30	0	0	0

2027	IKT Skule						
0.1051	Læremiddel/leikar	279	0	0	0	0	0
0.2001	Utstyr	0	0	140	0	0	0
0.4290	Betalt mva	70	0	35	0	0	0

Investeringsbudsjett detaljert (tal i heile tusen)		Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
0.9404	Bruk av ubunde inv. fond	0	0	-140	0	0	0
0.9480	Bruk av ubundne kapitalfond	-279	0	0	0	0	0
	Netto IKT Skule	70	0	35	0	0	0
	Netto Skule og barnehage, felles	70	0	65	0	0	0

2230 Samnanger ungdomsskule							
2023 Samnanger ungdomsskule							
0.2000	Inventar	0	100	0	0	0	0
0.2004	Datautstyr	158	0	0	0	0	0
0.4290	Betalt mva	39	25	0	0	0	0
0.9480	Bruk av ubundne kapitalfond	0	-100	0	0	0	0
0.9700	Overført frå driftsrekneskapen	-158	0	0	0	0	0
	Netto Samnanger ungdomsskule	39	25	0	0	0	0

3110 Sjukeheim							
2530 Samnangerheimen							
0.1954	Gebyrer og lisensar	100	0	0	0	0	0
0.2300	Byggetenester og nybygg	0	375	375	375	375	375
0.2700	Konsulenttenester	207	0	0	0	0	0
0.4290	Betalt mva	77	94	94	94	94	94
0.9482	bruk av fond Samnangerheimen	-308	-375	0	0	0	0
0.9504	Bruk av fond Samnangerheimen	0	0	-375	-375	-375	-375
	Netto Samnangerheimen	77	94	94	94	94	94

2653 Kommunal eigedom							
0.1800	Straumutgifter	1	0	0	0	0	0
0.1954	Gebyrer og lisensar	6	0	0	0	0	0
0.2700	Konsulenttenester	286	0	0	0	0	0
0.5482	Avsett til fond Samnangerheimen	2 976	0	0	0	0	0
0.6700	Sal av fast eigedom	-3 270	0	0	0	0	0
	Netto Kommunal eigedom	0	0	0	0	0	0
	Netto Sjukeheim	77	94	94	94	94	94

3200 NAV							
2420 NAV							
0.2400	Serviceavtaler	0	0	130	0	0	0
0.4290	Betalt mva	0	0	33	0	0	0
0.9404	Bruk av ubunde inv. fond	0	0	-130	0	0	0
	Netto NAV	0	0	33	0	0	0

Investeringsbudsjett detaljert (tal i heile tusen)		Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
2832	Formidling husbanklån						
0.5100	Avdrag Husbanken	169	267	0	0	0	0
0.5105	Ekstraordinære avdrag	41	0	0	0	0	0
0.5120	Avdrag forvaltningslån	0	0	270	274	235	210
0.5200	Utlån	375	0	0	0	0	0
0.9100	Bruk av lånemidler	-375	0	0	0	0	0
0.9201	Avdrag stønadslån	-169	-267	0	0	0	0
0.9202	Ekstra avdrag stønadslån	-41	0	0	0	0	0
0.9220	Mottatte avdrag forvaltningslån	0	0	-270	-274	-235	-210
	Netto Formidling husbanklån	0	0	0	0	0	0
	Netto NAV	0	0	33	0	0	0
4102	Beredskap						
3390	Brannvesen						
0.2001	Utstyr	187	0	0	0	0	0
0.2100	Leige/leasing transportmidler	0	0	0	3 500	0	0
0.4290	Betalt mva	47	0	0	875	0	0
0.8100	Andre statlige overføringer	0	0	0	-1 000	0	0
0.9480	Bruk av ubundne kapitalfond	-187	0	0	0	0	0
	Netto Brannvesen	47	0	0	3 375	0	0
3351	Park og uteområder						
0.2302	Entreprenørkostnader	0	2 000	2 000	0	0	0
0.4290	Betalt mva	0	500	500	0	0	0
0.7000	Statstilskot	0	-1 000	-1 000	0	0	0
0.7300	Refusjon frå fylket	0	-300	-300	0	0	0
0.7700	Refusjon frå private	0	-100	-100	0	0	0
0.9404	Bruk av ubunde inv. fond	0	0	-255	0	0	0
0.9480	Bruk av ubundne kapitalfond	0	-255	0	0	0	0
0.9503	Bruk av Sima - Samnanger fond	0	-345	-345	0	0	0
	Netto Park og uteområder	0	500	500	0	0	0
4201	VA Sjølvkost						
3450	Vassforsyning MVA kode 35						
0.0301	Løn prosjekt	0	67	0	0	0	0
0.0900	Pensjonsinnkot	0	12	0	0	0	0
0.0990	Arbeidsgjevaravgift	0	11	0	0	0	0

Investeringsbudsjett detaljert (tal i heile tusen)		Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
0.2300	Byggetenester og nybygg	0	1 300	7 500	2 000	2 000	2 000
	Netto Vassforsyning MVA kode 35	0	1 390	7 500	2 000	2 000	2 000

3451 Vassforsyning ytre Tysse							
0.0301	Løn prosjekt	45	150	0	0	0	0
0.0900	Pensjonsinnskot	7	29	0	0	0	0
0.0990	Arbeidsgjevaravgift	7	25	0	0	0	0
0.2300	Byggetenester og nybygg	0	2 797	3 000	0	0	0
	Netto Vassforsyning ytre Tysse	60	3 000	3 000	0	0	0

3453 Vassforsyning Rolvsvåg							
0.2300	Byggetenester og nybygg	43	0	0	0	0	0
0.2500	Materiell til påkostning og nybygg	60	0	0	0	0	0
0.9480	Bruk av ubundne kapitalfond	-102	0	0	0	0	0
	Netto Vassforsyning Rolvsvåg	0	0	0	0	0	0

3530 Pumpestasjonavløp MVA kode 35							
0.2300	Byggetenester og nybygg	0	0	1 000	2 000	2 000	2 000
	Netto Pumpestasjonavløp MVA kode 35	0	0	1 000	2 000	2 000	2 000

3531 Avløp Indre Tysse							
0.0301	Løn prosjekt	45	150	0	0	0	0
0.0900	Pensjonsinnskot	8	29	0	0	0	0
0.0990	Arbeidsgjevaravgift	7	25	0	0	0	0
0.2300	Byggetenester og nybygg	0	2 797	3 000	0	0	0
	Netto Avløp Indre Tysse	60	3 000	3 000	0	0	0

	Netto VA Sjølvkost	119	7 390	14 500	4 000	4 000	4 000
--	---------------------------	------------	--------------	---------------	--------------	--------------	--------------

4202 Eigedom							
2211 Bygg, Dråpeslottet barnehage							
0.2001	Utstyr	97	0	0	0	0	0
0.4290	Betalt mva	24	0	0	0	0	0
	Netto Bygg, Dråpeslottet barnehage	121	0	0	0	0	0

2223 Bygg, Samnanger ungdomsskule							
0.2300	Byggetenester og nybygg	0	0	400	0	0	0
0.4290	Betalt mva	0	0	100	0	0	0
0.9404	Bruk av ubunde inv. fond	0	0	-400	0	0	0

Investeringsbudsjett detaljert (tal i heile tusen)		Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
	Netto Bygg, Samnanger ungdomsskule	0	0	100	0	0	0

2228	Bygg ungdomsskolen symjehall						
0.2300	Byggetenester og nybygg	169	0	0	0	0	0
0.4290	Betalt mva	42	0	0	0	0	0
	Netto Bygg ungdomsskolen symjehall	212	0	0	0	0	0

2610	Bygg, Samnangerheimen						
0.2300	Byggetenester og nybygg	0	0	200	0	0	0
0.4290	Betalt mva	0	0	50	0	0	0
0.9404	Bruk av ubunde inv. fond	0	0	-200	0	0	0
	Netto Bygg, Samnangerheimen	0	0	50	0	0	0

2650	Omsorgsbustader Skjervo						
0.0301	Løn prosjekt	45	0	0	0	0	0
0.0900	Pensjonsinnskott	8	0	0	0	0	0
0.0990	Arbeidsgjevaravgift	7	0	0	0	0	0
0.2300	Byggetenester og nybygg	69	0	0	0	0	0
0.2500	Materiell til påkostning og nybygg	55	0	0	0	0	0
0.4290	Betalt mva	31	0	0	0	0	0
0.9480	Bruk av ubundne kapitalfond	-163	0	0	0	0	0
	Netto Omsorgsbustader Skjervo	52	0	0	0	0	0

2656	Prestebustad MVA kode 00						
0.1954	Gebyrer og lisensar	5	0	0	0	0	0
0.2700	Konsulenttenester	22	152	0	0	0	0
0.5480	Avsett ubundne kapitalfond	142	3 648	0	0	0	0
0.6700	Sal av fast eigedom	-168	-3 800	0	0	0	0
	Netto Prestebustad MVA kode 00	0	0	0	0	0	0

2657	Legebustad MVA kode 00						
0.5505	Avsett til næringsfond	340	0	0	0	0	0
0.6700	Sal av fast eigedom	-340	0	0	0	0	0
	Netto Legebustad MVA kode 00	0	0	0	0	0	0

2658	Senter for funksjonshemma						
0.0300	Ekstrahjelp	71	128	0	0	0	0
0.0900	Pensjonsinnskott	12	25	0	0	0	0
0.0990	Arbeidsgjevaravgift	12	22	0	0	0	0

Investeringsbudsjett detaljert (tal i heile tusen)		Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
0.1501	Kurs/ opplæring	54	0	0	0	0	0
0.1954	Gebyrer og lisensar	8	0	0	0	0	0
0.2000	Inventar	0	0	200	0	0	0
0.2300	Byggetenester og nybygg	13	1 814	0	0	0	0
0.2302	Entreprenørkostnader	0	31 554	6 200	0	0	0
0.2303	Faste dekker	75	475	200	0	0	0
0.2700	Konsulenttenester	528	0	0	0	0	0
0.4290	Betalt mva	152	8 783	1 650	0	0	0
0.5000	Renteutgifter	0	500	0	0	0	0
0.5105	Ekstraordinære avdrag	0	0	10 486	0	0	0
0.6700	Sal av fast eigedom	-50	0	0	0	0	0
0.8100	Andre statlige overføringar	0	0	-10 486	0	0	0
0.9404	Bruk av ubunde inv. fond	0	0	-400	0	0	0
	Netto Senter for funksjonshemma	875	43 300	7 850	0	0	0

3156	Ras- og flaumsikring						
0.2300	Byggetenester og nybygg	0	3 900	2 000	0	0	0
0.2700	Konsulenttenester	0	100	0	0	0	0
0.4290	Betalt mva	0	1 000	500	0	0	0
	Netto Ras- og flaumsikring	0	5 000	2 500	0	0	0

3251	Næringsføremål						
0.0300	Ekstrahjelp	44	0	0	0	0	0
0.0900	Pensjonsinnskott	8	0	0	0	0	0
0.0990	Arbeidsgjevaravgift	8	0	0	0	0	0
0.2300	Byggetenester og nybygg	4 492	0	0	0	0	0
0.4290	Betalt mva	1 123	0	0	0	0	0
0.5480	Avsett ubundne kapitalfond	379	0	0	0	0	0
0.6700	Sal av fast eigedom	-379	0	0	0	0	0
0.9480	Bruk av ubundne kapitalfond	-552	0	0	0	0	0
	Netto Næringsføremål	5 123	0	0	0	0	0

3862	Bibliotek						
0.5480	Avsett ubundne kapitalfond	250	0	0	0	0	0
0.8300	Overføring frå fylkeskommunar	-250	0	0	0	0	0
	Netto Bibliotek	0	0	0	0	0	0

	Netto Eigedom	6 383	48 300	10 500	0	0	0
--	----------------------	--------------	---------------	---------------	----------	----------	----------

Investeringsbudsjett detaljert (tal i heile tusen)		Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
4203	Veg og kaiområde						
3302	Parkeringsplass						
0.2300	Byggetenester og nybygg	110	0	0	0	0	0
0.2800	Kjøp av tomt og grunn	11	0	0	0	0	0
0.4290	Betalt mva	27	0	0	0	0	0
0.7700	Refusjon frå private	-110	0	0	0	0	0
0.9480	Bruk av ubundne kapitalfond	-11	0	0	0	0	0
	Netto Parkeringsplass	27	0	0	0	0	0

3320	Kommunale vegar, nyanlegg,						
0.2001	Utstyr	0	370	450	200	200	200
0.2300	Byggetenester og nybygg	0	1 900	1 000	1 000	1 000	1 000
0.2302	Entreprenørkostnader	0	0	200	0	0	0
0.4290	Betalt mva	0	568	363	300	300	300
- Saka vert sett på som avslutta dersom det ikkje er sendt endring/klage innan klagefristen.
- Ved avslag på søknad etter Pbl § 20-1 (tiltak som krev søknad og løyve) § 20-2 (tiltak som krev søknad og løyve og som kan utførast av tiltakshavar) kapittel 19 (dispensasjonssøknader) og søknad om ansvarsrettar/ lokal godkjenning skal det betalast fullt gebyr.

2.6 Urimeleg gebyr

Når særskilde grunnar tilseier det, kan kommunen på eige initiativ, etter søknad heilt eller delvis gi fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak. Søknad om redusert gebyr utset ikkje fristen for betaling. Personlege/ sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særskild grunn.

2.7 Kommunen sine kostnader til sakkunnig hjelp

I saker eller problemstillingar som medfører at kommunen må leiga inn fagkunnig hjelp i saksbehandlinga for å tilfredsstilla lovkrava, kan kommunen i tillegg til gebyret krevja å få refundert utlegga til slik hjelp av den som skal betala saksgebyret.

2.8 Klage på gebyr

- Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova.
- Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarande gebyrvedtak etter ureiningslova. Det kan ikkje klagast på at regulativet vert brukt, berre på feil bruk. Klagen skal grunngjevast.

2.9 Gebyr til statlege etatar.

- Der kommunen krev inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskrivning og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.
- Kostnader som kommunen vert påført i samband med innhenting av relevante opplysningar med oppmålingsforretning skal dekkast av rekvirenten.

3 Tenester som skal betalast etter medgått tid

Timepris

Arbeid utover standardleveranse vil bli fakturert etter følgende satsar:

Type arbeid:	Timesats:
Kontorarbeid	1 059
Feltarbeid	1 370

4 Kart og egedomsoppgåver

4.1 Digitale situasjonskart

Gebyr i samsvar med kommunen sin Geovekst avtale for basiskart.

Sjå <http://www.statkart.no/Kart/Geodatasamarbeid/Geovekst/Salg-av-Geovekst-data/>

4.2 Analoge situasjonskart på papir eller PDF

Gebyret for situasjonskart på papir er rekna inn i alle sakshandsamingsgebyr for dispensasjonssak, tiltakssak, refusjonssak, seksjoneringssak, konsesjonssak og saker etter ureiningslova.

5 Plansaker (Pbl. kap. 12)

5.1 Reguleringsplan (§ 12-8 - § 12-12)

Plansaker	Gebyr
Oppstartsmøte med møtereferat:	3 966
Handsaming planførespurnad i naturutvalet	10 197
Handsaming reguleringsplan:	
< 5 da planområde	30 835
5 - 10 da planområde	39 745
> 10 da planområde	64 682
Handsaming konsekvensutgreiing (inkl. planprogram)	33 990
Fornyng av 5-års frist for utarbeiding av plan	7 950
Ekstraarbeid utover normal sakshandsaming	1059/t
2. gangs ettersyn	10 900

5.2 Reguleringsplan - endring (§ 12-14)

Plansaker	Gebyr
Små endringar som kan godkjennast administrativt	10 856
Mindre endringar som krev politisk handsaming	16 793
Større endringar. Gebyr som under pkt. 4.1	

5.3 Andre gebyr/utgifter

- Gebyra inkluderer tilgang til digitalt kartgrunnlag for det aktuelle planområdet, då det er krav om å levera planframlegg i digital form (jf. kart- og planforskrifta § 7).

6 Dispensasjonssaker (Pbl kap 19)

Permanent eller mellombels dispensasjon frå:	Gebyr
Strandsone. Pbl § 1-8 2. ledd	
a) Større tiltak	11 075
b) Mindre tiltak	4 860
Planføremål. Fastsett arealbruk/føremål i arealplanar	
a) Større tiltak, jf. pbl§ 20-3	7 947
b) Mindre tiltak, jf.pbl§20-3 og 4	4 039
Kommuneplan/reguleringsplan.	
a) Andre byggegrenser enn skildra i plankart eller i føresegn	4 820
b) Andre reglar/føresegnar som er gitt i eller i medhald av pbl (t.d. fråvik frå avstandskrava mot nabogrense eller føresegn om høgde, grad av utnytting m.m.)	4 820

c) Kommunale veger. Enkle dispensasjonar	1 435
d) TEK Permanent eller mellombels løyve frå/for tekniske krav til byggverk. Jmf pbl § 29-5	4 820
Plankrav	6 180

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til byggesaksgebyr. Gebyret skal betalast uansett utfall på søknaden. For delingssak gjeld dei til ein kvar tid gjeldande satser for Bjørnefjorden landbrukskontor p.t. (kr 2000 i 2017). Faktura vert sendt frå Bjørnafjorden kommune

7 Søknadspliktige tiltak (bygge- og anleggssaker pbl. Kap 20)

7.1

Gebyra er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søker si side. Satsane gjeld for kvart einskild omsøkt bygg med tilhøyrande konstruksjonar. For større utbyggingar/byggjefelt vert VVA-anlegg handsama som eiga byggesak med påfølgjande gebyr.

7.2 Tiltak som krev ansvarleg føretak etter pbl § 20 – 3

Kommunen fastset kva punkt i regulativet gebyret skal reknast etter. Der ei søknadssak medfører ekstra arbeid for kommunen, skal det krevjast tilleggsgebyr.

Følgjande sakstypar skal ha basisgebyr og tilleggsgebyr:

- Ramme- og 1. trinnssøknader

Følgjande sakstypar skal berre ha tilleggsgebyr:

- Førehandskonferanse
- Eigen søknad om igangsetting
- Eigen søknad om ansvarsrett (lokal godkjenning)
- Søknad om endring av løyve inkl. søknad om nye ansvarsrettar
- Søknad om mellombels bruksløyve.(Gjeld for byggjeløyve gitt etter 1.7.2009)

7.2.1 Basisgebyr

Nærings/erhvervbygg (nybygg, påbygg og underbygg) under 100 m2	21 231
Arealtillegg pr 1 m2 BRA utover 100 m2	70
Bustadbygg / fritidsbustad med 1 bueining Tillegg for budstadbbygg med fleire bueiningar pr eining Eining nr 2 100% Eining nr 3-7 50% Eining nr 8 25%	17 580
Alle andre søknadssaker Døme er garasje, naust, uthus, tilbygg, påbygg og underbygg, anlegg, konstruksjonar, støttemurar, veg- og vassanlegg, ombyggjing.	7 056
Små saker (som krev ansvarleg føretak) T.d. fasadeendring, pipe, skilt, mindre støttemurar, mindre terasser og andre tiltak der ordinært sakshandsamingsgebyr verkar urimeleg høgt i høve til byggekostnad	1 767
Rivingsaker (Eigen søknad)	3 480
Avvising/retting Kommune avgjer forhold rund avvising/retur/retting	1 767
Bruksendring	3 140

7.2.2 Delingssøknader etter pbl § 20 -1 pkt. m.

Bustad- og hyttetomter, samt p-plass og anna	5 408
Tilleggsparcellar og mindre areal	3 648

Gebyr inkluderer handsaming av medfylgjande konstruksjonar, anlegg og terrengendringar som skildra i søknaden. For tilbygg, påbygg eller underbygg som gjev ny bu- eller bruksendring, eller som vesentleg endrar eksisterande bygning, skal det belastast gebyr som for nytt bygg.

7.2.3 Konstruksjonar, anlegg, terrengingrep

Mindre anlegg, jf. pbl § 20-2 d)	3 335
Større anlegg, jf. pbl § 20-1 a)	6 763
Vesentleg terrengingrep (utan dispensasjon), jf. pbl § 20-1 k), KPA §12.2	3 335
Ny avkjørsle frå kommunal veg (veglova)	3 335

7.2.4 Tilleggsgebyr

Tilleggsgebyr vert også nytta til å dekkja kommune sine utgifter til kjøp av ekstern spesialkompetanse.

Arbeid som krev inntil ¼ dagsverk	2 215
Arbeid som krev inntil ½ dagsverk	4 456
Arbeid som tek inntil 2 dagsverk	11 477
Arbeid som krev minst 2 dagsverk. Det kan også krevjast etter medgått tid. I tillegg kjem evt. utgifter til fagkunring hjelp.	22 671

Bruk av kommunegeolog fakturerast etter til ein kvar tid gjeldande satsar.

7.2.5 Graving i kommunal veg

Graving i kommunal veg	4 532
------------------------	-------

8 Ulovleg byggearbeid og andre ulovlege forhold

Ulovleg byggearbeid handsamast i utgangspunktet som vanleg søknad og "som om tiltaket ikkje er bygd" og etter gjeldande byggesaksgebyr. Gebyra for ulovlege byggearbeid kjem i tillegg til gebyr for ordinær sakshandsaming.

8.1.1 Påpeiking av ulovleg byggearbeid med rettingsretteiing

For skriftleg melding til tiltakshavar om oppdaga ulovleg tiltak i høve til krava i plan- og bygningslova med rettleiing/opoplysning om kva tiltakshavar må gjera for å få tiltaket i samsvar med regelverket vert det kravd betaling.

Påpeiking av ulovleg byggearbeid for tiltak som tiltakshavar sjølv står for pbl § 20 -2 (75% av 6.1 første punkt)	10 995
---	--------

Påpeiking av ulovleg byggearbeid for tiltak som krev ansvarleg føretak pbl § 20 – 1, 2.ledd	21 975
---	--------

8.1.2 Oppfylgjande sakshandsaming av ulovlege byggearbeid

Dersom tiltakshavar innan sett frist ikkje har retta dei pålegg han/ho har fått for å få tiltaket i lovlege former, skal det betalast tilleggsgebyr etter medgått tid dersom tidsbruken overstig minstegebyret. I tillegg kan kommunen krevja dekkja kostnader til sakkunnig hjelp.

Minstegebyr:

Tiltak som tiltakshavar sjølv står for Pbl § 20 - 2	9 883
Tiltaks som krev kvalifisert ansvarleg føretak Pbl § 20 – 1 2. ledd	19 916

8.1.3 Mulkt

Dersom det ulovlege forholdet ikkje er retta innan fastsett frist, vil kommunen vurdere å gje pålegg om retting i medhald av pbl § 32-3. Saman med eit eventuelt vedtak om pålegg om retting, kan kommunen gje tvangsmulkt etter pbl § 32-5, jf. §32-3, 3 ledd. Det kan gjerast utan vidare varsel

Eingongsmulkt	16 576
Dagsmulkt	835
Dagsmulkta vil gå frå og med fristoverskriding for retting gitt i pålegg og vare inntil det t ulovlege forhold er dokumentert retta.	

8.1.4 Saker med pålegg om sikring

Der det vert gitt pålegg om sikring pga manglande vedlikehald, vert det berekna eit gebyr etter §2-1 for arbeid utført av kommunen knytt til forholdet. Gebyret vert berekna etter medgått tid.

9 Gebyr for arbeid etter matrikkellova

Vintersesong jmf. Matrikkelforskrifta § 18 3.ledd.

Kommunestyret har vedteke at tida **1.11. – 30.4** skal reknast som vintersesong i Samnanger kommune i høve til forskriftfesta frist for fullføring av oppmålingsforretning.

Rekvisisjonstidspunkt er den dagen alle løyve og dokumentasjonar er klare slik at saka kan handsamast etter matrikkellova. For oppmålinga er det siste vedtaksdato når det gjeld delingsløyve eller andre løyve som må føreliggja før oppmålingsforretning kan rekvirerast. Gebyr skal betalast etter dei reglar og satsar som gjeld den dagen alle løyve til deling av eigedomen ligg føre.

9.1 Oppmålingsforretning. Saker som krev oppmålingsforretning etter §6

9.1.1 Oppretting av grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Areal 0 -100 m2	6 875
Areal 101-2000 m2	23 360
Areal 2001-5000 m2	31 035
Areal 5001-20000 m2	41 350
Areal over 20000 m2 minstegebyr	41 350

Ved vesentleg meirarbeid ut over det som er rekna inn i ovannemnde satsar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid.

9.1.2 Oppretting av anleggseigedom

Volum 0-5000 m3	38 683
Volum 5001 m3 og over	46 338

Ved vesentleg meirarbeid ut over det som er rekna inn i ovannemnde satsar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid.

9.1.3 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

(grunneigedom og festegrunn) og registrering av uregistret jordsameige eller endring i sameigefordelinga.

Areal 0 – 100 m2	6 978
Areal 101-2000 m2	23 360
Areal 2001-5000 m2	31 035
Areal 5001-20000 m2	33 865
Areal over 20000 m2 minstegebyr (+ medgått tid jfr 2 c))	41 350

For matrikulering av umatrikulert offentleg veggrunn der kommunen sjølv held oppmålingsforretning gjeld satsar som over. For matrikulering av fylkes-, riks- og europaveg gjeld satsar for medgått tid ved matrikkelføring.

9.1.4 Arealoverføring

Areal 0-500 m2	23 453
Areal 501-1000 m2	31 873
Areal over 1000 m2 minstegebyr	42 091

Ved vesentleg meirarbeid ut over det som er rekna inn i ovannemnde satsar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid.

Klarlegging av eksisterande grenser alt. 1: - der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskiftesak

For inntil 4 punkt	5 782
For overskytande grensepunkt pr punkt	500

9.1.5 Klarlegging av grenser alt.2: der grenser og rettar tidlegare ikkje er koordinatbestemt ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskiftesak

For inntil 4 punkt	14 163
For overskytande grensepunkt pr punkt	715

9.1.6 Grensejustering

Areal 0-100 m2	7 733
Areal 101-500 m2	10 015

9.1.7 Oppmåling av uteareal til eigarseksjon eller endring av areal til eksisterande eigarseksjon.

Prisar pr. seksjonering

Areal 0-100 m2	6 978
Areal 101-250 m2	8 543
Areal 251-2000 m2	11 670
Areal over 2000 m2 for kvar 1000 m2 over	2 345

9.1.8 Oppmålingsforretning utført utan markarbeid

Dersom oppmålingsforretning vert utført utan markarbeid, skal det betalast eit gebyr på 75% av satsane over.

9.1.9 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Ved fullført oppmålingsforretning innan fristen på 3 år skal vanlege gebyrsatsar betalast + eit tilleggsgebyr ved parkering av saka pr. matrikkeleining	5 415
---	-------

9.1.10 Avbrot oppmålingsforretning eller matrikkulering

Når ei sak vert trekt, avvist eller av andre årsaker ikkje lar seg gjennomføre vert det fakturert 1/3 av gebyret, ved avbrot etter oppmålingsforretning vert gebyret sett til 2/3

9.2 Saker som ikkje krev oppmålingsforretning m.m

9.2.1 Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Vert betalt i høve til medgått tid ved matrikkelføring. Eventuelle kartdata vert fakturert i høve til punkt 7.3.

9.2.2 Matrikkelføring av saker som ikkje krev oppmåling etter §10 4. ledd

Avtale om eksisterande grense. Vert betalt etter medgått tid.

9.2.3 Utsteding av matrikkelbrev (gebyr vert fastsett av Kartverket)

Matrikkelbrev 0-10 sider	200
Matrikkelbrev over 10 sider	400

9.3 Andre gebyr

Utskrift av kartdata	
A4 /A3	600

Sal av digitale Fkb-produkt, orto-foto og kommunale planar via Norsk Eigedomsinformasjon AS (NE): Nærare vilkår for bruk og rettar til våre digitale kart og informasjonsprodukt sjå www.infoland.no. Samnanger kommune bestemmer pris på alle sine produkt i INFO land, medan NE gjer påslag for leveransekostnader ol.

10 Saker etter eigarseksjonslova

Handsaming etter (ny) Lov om eigarseksjonar

10.1.1 Søknad om seksjonering på vilkår og eller eit-trinnsøknad :

5 x det til ein kvar tid gjeldande rettsgebyr

I tillegg kan kommunen krevje gebyr for:

- Saker etter matrikeloven for oppmåling av uteareal eller endring av areal til eksisterande eigarseksjon, ref. punkt 8.18 i dette gebyrregulativ.
- Saker som krev synfaring med kr 2 500.
- Naudsynte tinglysningsgebyr til Kartverket i saka.

10.1.2 Søknad om seksjonering i beståande bygg og reseksjonering:

9,5 x til ein kvar tid gjeldande rettsgebyr

I tillegg kan kommunen krevje gebyr for:

- Saker etter matrikeloven for oppmåling av uteareal eller endring av areal til eksisterande eigarseksjon, ref. punkt 8.18 i dette gebyrregulativ.
- Saker som krev synfaring med kr 2 500.
- Naudsynte tinglysningsgebyr til Kartverket i saka.

10.1.3 Avbrot av søknad om seksjonering

Når ei sak vert trekt, avvist eller det av andre årsaker ikkje lar seg gjennomføre vert det fakturert 1/3 av gebyret, ved avbrot etter matrikkelføring eller oppmålingsforretning vert gebyret sett til 2/3.

10.1.4 Betaling av gebyr

Kommunen kan krevje gebyr innbetalt forskottsvis – før saka vert realitetsbehandla.

11 Forureining

11.1 Utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg

Handsaming av saker etter kapittel 12 i forureiningsforskrifta	10 877
Svartvatn	9 064
Gråvatn eller alt avlaup til tett tank	4 532

11.2 Tvangsmulkt etter forureiningslova.

Kommunen kan pålegga forureinar tvangsmulkt. Den kan gis både som eit eingongsgebyr og som ei dagmulkt. Tvangsmulktens storleik skal angis, og mulkten bør settes i forhold til kva for kostnader som er knytta til gjennomføring av det konkrete tiltak, og slik at det ikkje vil lønne seg for den ansvarlege å fortsetje det ulovlege forholdet.

11. Tiltak i sjø

Større tiltak	5 235
Mindre tiltak	3 116

Tiltak som fell inn under *Lov om havner og farvann* av 17.04.09 nr. 19 § 27 første ledd,

som lyder: *"Bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i kommunens sjøområde, krever tillatelse av kommunen hvor tiltaket skal settes i verk.*

Som tiltak regnes bl.a. fortøyningsinstallasjoner, kaier, brygger, broer, luftspenn, utdypning, dumping, akvakulturanlegg, opplag av fartøy, lyskilder, kabler og rør.

Kommunen kan ikke gi tillatelse til tiltak som vil stride mot bestemmelser gitt i eller i medhold av loven her".

145 av 159

For eigedomsskatteåret 2020. Oversikt over bygg som får fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a. (stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna kommunen, fylke eller stat. Eksempel er forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad

Gardsnr	Bruksnr	Eigedom	Fritak
2	38	Rolvsvåg forsamlingshus «SKULD»	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
18	12	Nordbygda grendahus «Kroken»	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
18	41 og 42	Nordbygda grendahus «Nordborg»	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
19	1	Tomas Martin Nordvik Stiftelse	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
24	49	Bedhuset i Nesodden	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
27	25 , 31 og 138	Bedhuset på Tysse	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
27	35	Vonheim	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
27	63 og 116	Sion misjonsforsamling	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
30	23	Tveit grendahus «Valhall»	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
31	19	Grønsdal skulehus	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
32	121	Gullhorgabu turisthytte	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
34	6	Kvamshaug	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
34	195	Røde-kors hytta i Eikedalen	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
39	17	Anton Drønen	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
39	18	Frøland grendahus	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
45	30	Sandvik grendahus	§ 7 a - lag/foreingar/stiftingar/institusjonar
44	24	Sætervika ungdomssenter	§ 7 a delvis (Bustadhus vert beskatta)

Oversikt over bygg som får fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav b. (Bygg som har historisk verdi. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd) Bygg som får fritak frå andre ordningar er ikkje med på lista.

Gardsnr	Bruksnr	Eigedom	Fritak
2	5	Rolvsvåg skulehus	§ 7 b - Historisk verdi
43	7	Jonastova	§ 7 b - Historisk verdi
45	13	Gamle Sandvik skulehus	§ 7 b - Historisk verdi
		Botnahytta	§ 7 b - Historisk verdi
		Notaholmen med naust	§ 7 b - Historisk verdi
		Nordvikaseter	§ 7 b - Historisk verdi
		Fabrikkpipa til SAFA as	§ 7 b - Historisk verdi
		Kvernhus på Reistad	§ 7 b - Historisk verdi
		Kvernhus på Hildersmark	§ 7 b - Historisk verdi
		Kvernhus på Fiske	§ 7 b - Historisk verdi
		Treskoverkstaden i Nordbygda	§ 7 b - Historisk verdi
		Stolpane skulehus	§ 7 b - Historisk verdi
16	4	Eldre våningshus	§ 7 b delvis
43	5-6	Naust	§ 7 b delvis

Referansar:

KS-møte 17.12.14 (sak 068/14)

KS-vedtak 027/15

KS-vedtak 028/15



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Samnanger kommune

Vår sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Dykkar ref.:
Vår ref: 2016/37
Vår dato: 16.09.2019

Partsbrev - Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2020

Vedlagt følger partsbrev gjeldande sak PS 31/19 «Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2020», frå møte i kontrollutvalet 02.09.2019

Tilråding frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet tilrår budsjettframlegget for 2020 slik det ligg føre. Budsjettframlegget vert å sende kommunestyret til vidare handsaming.

Vedlegg:

Budsjettoversikt -talark

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Ordførar
Rådmann
Utvalseiar

Arkivsak: 151
Arkivnr: 2016/37-76
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	31/19	02.09.2019

Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2020

Bakgrunn

Stortinget har vedteke ny kommunelov 22.06.2018 og den skal i hovudsak tre i kraft frå konstituerande møte i kommunestyret for valgperioden 2019 – 2023. På bakgrunn av denne vedtok KMD 17.06.2019 ny forskrift om kontrollutvalg og revisjon som i sin heilheit skal tre i kraft frå konstituerande møte i ny valperiode.

Av denne kjem det fram dette av § 2 Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Drøfting

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i gjeldande revisjonsavtale. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I budsjettframlegget er revisjonskostnader delt på to postar. Ein post for kostnader med rekneskapsrevisjon og ein post for oppdrag bestilt av kontrollutvalet ut frå godkjende planar.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som "eit vanleg år". Det er vidare lagt inn kostnader med kurs / opplæring for medlemmane i kontrollutvalet og servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste.

Kontrollutvalget skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeida ein plan som syner på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjoner, jf. ny kommunelov § 23-3. Denne skal baserast på ei risiko- og vesentligheitsvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Videre skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeida plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast, jf. ny kommunelov § 23-4. Denne skal baserast på ei risiko- og vesentligheitsvurdering av kommunen si eigarskap. Det normale er at kontrollutvalet får bistand frå revisor i dette arbeidet og det bør difor setjast av ekstra ressursar til å få gjennomført dette arbeidet i 2020, som er fyrste året i ny valperiode.

Det er vanleg at medlemmane i kontrollutvalet deltek på folkevaldopplæringa spesielt retta mot arbeidet i kontrollutvalet i starten av det fyrste året i ny valperiode. Sekretariat for kontrollutvalet har planlagt ei slik samling i februar 2020 og det er lagt inn kostnader som kan dekke dette.

Pris for sekretariatstenesten for kontrollutvalget er konsumprisregulert og lagt inn i tråd med avtale mellom Samnanger kommune og Hordaland fylkeskommune.

Konklusjon

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegget til budsjett. Budsjettframlegget skal så følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Samnanger kommune.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2020.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 02.09.2019

Handsaming i møtet:

Sekretariatet gjekk gjennom hovudpostane i budsjettet for 2020.

Budsjettet er om lag kr. 200 000 høgare enn budsjettet for 2019. Dette skyldast i hovudsak at det nye kontrollutvalet skal utarbeide ny plan for forvaltningsrevisjon våren 2020.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2020.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Budsjettforslag 2020 for KU i Samnanger kommune

Budsjettforslag for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2020

Konto	Tekst	Budsjett 2018	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
10802	Tapt arbeidsforteneste	kr 10 000	kr -	kr 10 000	kr 10 000
10803	Møtegodtgjering	kr 28 900	kr 40 576	kr 47 816	kr 49 384
	Delsum	kr 38 900	kr 40 576	kr 57 816	kr 59 384
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 5 485	kr 5 724	kr 8 152	kr 8 373
	Delsum	kr 44 385	kr 46 300	kr 65 968	kr 67 757
11001	Faglitteratur / abonnement	kr 500	kr 425	kr 425	kr 425
11150	Matvarer/møtemat	kr 2 000	kr 2 291	kr 2 000	kr 2 000
11400	Kunngjøringar	kr 1 200	kr 886	kr 1 200	kr 1 200
11501	Kurs/opplæring	kr 10 000	kr 16 349	kr 10 000	kr 10 000
11501	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr 16 000	kr -	kr -	kr 20 000
11600	Skyss- og kostgodtgjering	kr 5 000	kr 3 396	kr 5 000	kr 5 000
11950	Kontingentar	kr 3 500	kr 3 500	kr 3 500	kr 3 500
12700	Kons.tenester revisjon rekneskap	kr 158 255	kr 155 275	kr 163 952	kr 167 067
12700	Kons.tenester revisjon forv.rev./eiersk.ktr.	kr 257 275	kr 266 084	kr 349 059	kr 355 692
12700	Planarbeid	kr -	kr -	kr -	kr 165 900
13300	Kjøp fylkeskom. sekretariatstenester	kr 135 000	kr 114 515	kr 138 750	kr 140 600
	Delsum	kr 588 730	kr 562 721	kr 673 886	kr 871 384
14290	Meirverdiavgift	kr 128 430	kr 144 650	kr 166 247	kr 215 621
17290	Moms-kompensasjon	kr -128 430	kr -144 650	kr -166 247	kr -215 621
	Total budsjetttramme	kr 633 115	kr 609 021	kr 739 854	kr 939 141

Fra: Marielle Solheim <Marielle.Solheim@hfk.no>
Sendt: fredag 8. november 2019 16:09
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Emne: Til eldrerådet: Protokoll frå møte i fylkeseldrerådet 07.11.19
Vedlegg: Møteprotokoll FYEL 07.11.19.pdf

Ver vennleg og sjå vedlegget.

Mvh

Marielle Solheim
Fylkessekretariatet
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Mob: 989 06 038
www.hordaland.no

Utval: Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato: 07.11.2019
Tidspunkt: 09:30 – 14:05

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Monrad Reigstad	Nestleiar	PF
Gunda Falao Sparre	Leiar	LOP
Odd Himle	Medlem	SN-H
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Gunvor Opedal	Medlem	PF
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG til 14:00

Følgjande medlemmer hadde forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Marielle Solheim	som møtesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 74/19	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 75/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 76/19	Godkjenning av sakliste		
PS 77/19	Referatsak (meldingar)		
RS 26/19	Svar på brev: Pensjonistforbundet Hordaland ynskjer informasjon frå fylkeseldrerådet Hordaland	2018/16480	
RS 27/19	Uttale frå fylkeseldrerådet om KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn	2018/16480	
RS 28/19	Innspel til budsjettet 2020 for Vestland fylkeseldreråd	2018/16480	
RS 29/19	Vegleiar for eldreråd	2018/16480	
RS 30/19	Val av medlemar til fylkeseldrerådet i Vestland	2018/16480	
PS 78/19	Ymse		
PS 79/19	Høyrings svar - forslag om endringar i forskrift om ein verdig eldreomsorg - sambuargaranti	2018/16480	
PS 80/19	Høyrings svar - Lov om Eldreombodet	2018/16480	
PS 81/19	Høyrings svar - NOU 2019: 14 Tvangsavgrensingsloven	2018/16480	
PS 82/19	Evaluering av Haustkonferansen 2019	2018/16480	
PS 83/19	Årsmelding 2019 for fylkeseldrerådet i Hordaland, 2. utkast	2018/16480	
PS 84/19	Forskningsprosjekt om aldersvennlege omgjevnadar - invitasjon til open dag	2018/16480	
PS 85/19	Invitasjon til innlegg på regional samling for utviklingssentera i vest	2018/16480	
PS 86/19	Leve heile livet-konferansen i Bergen	2018/16480	
PS 87/19	Svar frå Haraldsplass DS om nattransport av eldre frå sjukehus til kommune	2018/16480	
PS 88/19	Høyring om forslag til endringar i forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta	2018/16480	
PS 89/19	Den kulturelle spaserstokken 2019 - tildeling	2018/16480	

PS 74/19 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjend utan merknadar.

PS 75/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Vedtak

Møteprotokollen frå møte 05.09.19 vart godkjend utan merknadar.

PS 76/19 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å setje følgjande saker på saklista for møtet utan saksførelegg:

- PS 88/19 Høyring om forslag til endringar i forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta
- PS 89/19 Den kulturelle spaserstokken 2019 – tildeling

Vedtak

Saklista vart godkjend med dei merknadane som er nemnd over.

PS 77/19 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

RS 26/19 – RS 30/19 vart refererte.

PS 78/19 Ymse

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Under PS 82/19 vart evalueringsskjema frå konferansedeltakarane gjennomgått nøye, utan at det vart fatta vidare vedtak om dette.

PS 89/19 vart sett på sakskartet etter at kulturavdelinga sendte e-post om saken undervegs i møtet.

PS 79/19 Høyringssvar - forslag om endringar i forskrift om ein verdig eldreomsorg - sambuargaranti

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre.

PS 80/19 Høyringssvar - Lov om Eldreombodet

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre.

PS 81/19 Høyringssvar - NOU 2019: 14 Tvangsavgrensingsloven

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre.

PS 82/19 Evaluering av Haustkonferansen 2019

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande forslag:

«Leiar gjer ei tilbakemelding til hotellet basert på diskusjonane i møtet, herunder teleslynge, middagen og presentasjon av denne, utvalet under lunsjen, og lystilhøva.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Leiar gjer ei tilbakemelding til hotellet basert på diskusjonane i møtet, herunder teleslynge, middagen og presentasjon av denne, utvalet under lunsjen, og lystilhøva.

PS 83/19 Årsmelding 2019 for fylkeseldrerådet i Hordaland, 2. utkast

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek årsmeldinga slik den ligg føre. Arbeidsutvalet får fullmakt til å gjere mindre endringar i ettertid, i form av eventuelle oppdateringar og tilføyingar.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande tilleggsforslag:

«Årsmeldinga vert trykt opp i 50 eksemplar.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Falao Sparre sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek årsmeldinga slik den ligg føre. Arbeidsutvalet får fullmakt til å gjere mindre endringar i ettertid, i form av eventuelle oppdateringar og tilføyingar. Årsmeldinga vert trykt opp i 50 eksemplar.

PS 84/19 Forskingsprosjekt om aldersvennlege omgjevnadar - invitasjon til open dag

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding, men det vert understreka at dette ein god mogleik til å formidle korleis og med kva fylkeseldrerådet arbeider, samt utveksle erfaringar og innspel.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande forslag:

«Leiar stiller med orientering, og omlag to til vert med.».

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Leiar stiller med orientering, og omlag to til vert med.

PS 85/19 Invitasjon til innlegg på regional samling for utviklingssentra i vest

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet, ved leiar, stiller med innlegg på samlinga.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag:

«Inger M. Lingjerde stiller dersom ho kan verte fritatt for andre plikter denne dagen. Dersom ho ikkje kan stille er det ingen andre som har høve. Lingjerde gjer tilbakemelding til administrasjonen snarast råd, som melder vidare til arrangør.»

Røysting

Det vart ikkje røysta over fylkesrådmannen sitt forslag.
Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Inger M. Lingjerde stiller dersom ho vert fritatt for andre plikter denne dagen. Dersom ho ikkje kan stille møter ingen frå fylkeseldrerådet. Lingjerde gjer tilbakemelding til administrasjonen snarast råd, som melder vidare til arrangør.»

PS 86/19 Leve heile livet-konferansen i Bergen

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag:

«Leiar, nestleiar, Gunvor Riim Opedal, Odd Himle og ev. Inger Sjong stiller på konferansen.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Leiar, nestleiar, Gunvor Riim Opedal, Odd Himle og ev. Inger Sjong stiller på konferansen.

PS 87/19 Svar frå Haraldsplass DS om nattransport av eldre frå sjukehus til kommune

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet tek svaret til orientering».

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet tek svaret til orientering.

PS 88/19 Høyring om forslag til endringar i forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å setje PS 88/19 Høyring om forslag til endringar i forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta på sakslista for møtet utan saksframlegg.

Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama saka i møte den 7.11.2019 i sak PS.88/19.

Høyringa gjeld forslag til endringar i *forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta. (ISF-ordninga)* Endringane som vert føreslåtte har samanheng med at det i statsbudsjettet for 2020 vert føreslått «endringar i ISF-ordningen som også har implikasjoner for i hvilke tilfeller det er relevant å avkreve pasienten for egenandel.»

Endringane gjeld følgjande område:

- a. Utviding av utførande personell innanfor somatikk (dvs kva for personellgrupper som utløyser eigenandel ved utført behandling frå dei)
- b. Innføring av eigenandel for konsultasjon over telefon
- c. Auking av «straffe»satsen for ikkje å ha møtt til avtale.

Om ISF-ordninga (Innsatsstyrt finansiering)

ISF-ordninga er ei ordning som gjer det lønsamt for helseføretaka å vera effektive når det gjeld å få flest mogleg pasientar gjennom forsvarleg behandling. Ordninga er viktig for økonomien i helseføretaka fordi desse blir finansiert dels ved rammebevilgning frå staten og dels ved inntekt frå den innsatsen det enkelte helseføretaket gjer sjølv, til dømes i poliklinisk behandling.

Utviding av utførande personell innanfor somatikk (dvs kva for personellgrupper som utløyser eigenandel ved utført poliklinisk behandling frå dei)

Framsteg både i medisinsk og teknologisk utvikling dei siste åra, har gjort det mogleg å handsama stadig fleire typer behandling poliklinisk framfor ved innlegging.

Fylkeseldrerådet i Hordaland finn det derfor ikkje urimeleg at det vert føreslått å innlemma nye personellgrupper i kva for utført behandling som skal kunna utløysa krav om eigenandel ved behandling poliklinisk. Fylkeseldrerådet ser på ei slik utviding som rettvis for å skapa likskap mellom pasientgrupper når det gjeld kven som kan verta kravd for eigenandel og kven som slepp.

Det er i høyringsnotatet ikkje fremja forslag om å auka satsen for eigenandel ved poliklinisk behandling. Fylkeseldrerådet oppfattar forslaget om å utvida gruppa av utførande personell som kan krevja eigenandel ved behandling, som eit alternativ til å auka den generelle satsen for eigenandel.

Fylkeseldrerådet er **samd i at dei føreslåtte yrkesgruppene vert innlemma i gruppa som kan utløyse krav om eigenandel ved utført poliklinisk behandling frå dei.**

Innføring av eigenandel ved konsultasjon over telefon

I nokre tilfelle kan det vera aktuelt å snakka med ein behandlar over telefon framfor å måtta møta fram personleg på ein poliklinikk. Dette kan vera ei god og tenleg konsultasjonsform, spesielt for eldre og andre som kan ha vanskar med å møta fram fysisk. Konsultasjon over telefon har til no vore gratis på same måte som at nettkonsultasjon er gratis. I høyringsnotatet vert det føreslått å innføra eigenandel ved konsultasjon over telefon, medan nettkonsultasjon framleis skal vera gratis.

Fylkeseldrerådet i Hordaland går **imot** innføring av eigenandel ved konsultasjon over telefon.

Auking av «straffe»satsen for ikkje å ha møtt til avtale.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i at det skal kosta for pasienten å ikkje varsle innan fastsett tid (24 timar i forkant) om at avtalt time ikkje kan verta nytta. Til no har «straffesatsen» vore det dobbelte av satsen for eigenandelen. I notatet vert det føreslått å auka straffesatsen til tre gonger eigenandelen. Fylkeseldrerådet er samd i synspunktet i høyringsnotatet om at det er sløsing med ressursar når ein time ikkje blir nytta på grunn av manglande varsel, og at unytta timar også går ut over andre pasientar som då, rett nok på kort varsel, ikkje får sjanse til å nytta timen. Det kan synast som at gebyret på dobbel eigenandel, som har vore satsen til no, ikkje har virka godt nok. Likevel bør det vera høve til unnatak for storleiken på straffegebyret eller til heilt å sleppa det.

Høve til unnatak frå hovudregelen om straffegebyr.

I dag er det unnatak for pasientar innanfor rus og psykiatri (jfr forskrifta sin §7, andre ledd).

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at det også bør vera unnatak for visse grupper eldre. Det er vanleg i dag å få påminning dagen før på SMS eller data om avtalt time. Men ikkje alle eldre har mobil eller data. Mange eldre er glemsk, nokre har lettare kognitiv svikt, eller dei kan ha blitt dårlege i løpet av dei siste 24 timane før avtalen. Fylkeseldrerådet vil også peika på at kjøpekrafta for pensjonistar har gått vesentleg ned dei siste 3 åra, og at det er mange minstepensjonistar. For den siste gruppa vil ein auke med kr. 351- i gebyret for ikkje å ha møtt til time, merkast godt. Fylkeselderådet vil difor foreslå at §7, andre ledd, får ei tilføyning som fangar opp vårt synspunkt om at det for alderspensjonistar i Folketrygda ikkje skal bli auke i gebyret for ikkje å ha møtt til time.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er såleis samd i prinsippet om at det skal kosta å ikkje melda frå i tide dersom ein ikkje kan gjera bruk av ein tildelt time, men meiner at gebyret for ikkje å ha møtt til time ikkje må bli auka for alderspensjonistar i Folketrygda.

*Fylkeseldrerådet i Hordaland går derfor inn for at gebyret for ikkje å møta til avtalt time, vert auka generelt til det tredobbelte av satsen for eigenandelen, **men at gebyret ikkje vert auka for alderspensjonistar i Folketrygda.** Fylkeselderådet sitt forslag vil måtta medføra at §7, andre ledd i forskrifta får eit tillegg som fangar opp dette; sjå nedanfor.*

Konklusjon:

I.

§ 4, sjette ledd – konsultasjon over telefon

*Fylkeseldrerådet i Hordaland **går i mot** endring av denne paragrafen, altså å innføra eigenandel for konsultasjon over telefon.*

II.

§ 4, andre ledd- utviding av utførande personell som kan ta eigenandel

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i

- utviding av utførande personell som kan ta eigenandel innanfor somatikk.

III,

§ 7, første ledd

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i

- auke av gebyret for manglande frammøte til tre gonger satsen for eigenandel

IV

§7, andre ledd

Fylkeseldrerådet i Hordaland føreslår at §7, andre ledd får denne tilføyninga: «*Om den avtala timen gjeld ein alderspensjonist i Folketrygda, skal noverande sats gjelde.*»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Forslaget framsett i møtet vert vedtatt slik det ligg føre.

PS 89/19 Den kulturelle spaserstokken 2019 - tildeling

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 07.11.2019

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å setje PS 89/19 Den kulturelle spaserstokken 2019 – tildeling på sakslista for møtet utan saksførelegg.

Falao Sparre (LOP) sette fram følgjande forslag:

«AU utarbeider uttale til saken når saken vert offentleggjort 14.11.19. Uttalen vert sendt til resten av rådet for tilbakemelding før ferdig uttale vert vidareformidla til administrasjonen som så ber om ettersending til møtet saken skal handsamast i.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

AU utarbeider uttale til saken når saken vert offentleggjort 14.11.19. Uttalen vert sendt til resten av rådet for tilbakemelding før ferdig uttale vert vidareformidla til administrasjonen som så ber om ettersending til møtet saken skal handsamast i.»